

Ørjan Johansen

Garborgs galningar



«Den dagen Garborg veks inn i himmelen,
skal ein ny diktar koma.»

Den gamle spådomen verkar destabili-
serande på Gonzo Johnsen, Garborgsen-
terets formidlar, og John Fossmark, ein
dominerande norskfagsfanatkar. Dei fryk-
tar at den nye Garborg skal overskugga den
gamle. Følgjene er skræmmande: Garborg-
senteret kan måtte stenga før det offisielt
har opna og Arne Garborg kan detta ut av
læreplanen for den vidaregåande skulen.

Dei to Garborg-jegerane bestemmer seg
for å identifisera den nye Garborg og
uskadeleggjera han. Jakta tek dei frå Gar-
borg-monument til Garborg-monument,
samtidig som dei må flykta frå Torvald
Tu-tilhengarar og politibetjentar som er
gysla gode til å setta krokfot. Johnsen og
Fossmark møter forfattarar, kongelege,
Hulda Garborgs gjenferd og ein bonde som
er grei.

Herregud, så spennande! Les Garborgs
galningar!





Det begynte gysla kjedeleg. Den dagen telefonen ringte, sov me i stolane som vanleg. Museet vårt, Garborgsenteret, skulle opna om berre nokre veker og me trong den søvnen me kunne få. Utstillingsleiaren vreid seg motviljug borte i hjørnet, og snorkelydane frå sje-fen sitt kontor gjekk frå dur til moll og vart urytmiske.

«Faen» tenkte eg, men eg sa det ikkje, for me hadde fått instruksjonar om å banna på nynorsk, og eg var usikker på om «faen» var eit nynorsk banneord. Men den jækla telefonen gav seg ikkje før nokon tok han, personen i den andre enden var tydelegvis ein psykopat.

Eg myste på utstillingsleiaren og ho på meg. Dette kunne ha vore ein maktkamp av den typen eg var god på, utstillingsleiaren bruka nemleg å gje seg så snart eg vart ufin og truga med juling. Men telefonen som ringte var min; og instruksjonane me hadde fått ifrå hovudkontoret sa at den som eigde telefonen skulle ta

han. Eg tykte det var urettvist, men eg våga ikkje anna enn å gjera som eg hadde fått beskjed om.

Langsamt strekte eg handa mot telefonen. Det var så slapt at det såg tilfeldig ut då dei to møttest. Eg trykte på den grønne knappen, slik eg var instruert til. Eg sa: «Garborgsenteret, du snakkar med formidlaren».

«Det er Jon», sa ein som heitte Jon, «men du kan kalla meg John».

Då kjende eg han igjen, det var jo John! Han var ein tidlegare kollega av meg, ein Garborgs galning, skikkeleg oppteken av litteratur. I det siste hadde han vore ein hissig debattant i Jærbladet. I lesarbrev etter lesarbrev hadde han demonstrert korleis vår tids dekadanse ikkje på nokon måte spegla den som Garborg viste til i «Trætte mænd». John uttrykte ei frykt for at Garborg, etter ei tid, kunne bli misforstått.

«John!» ropte eg, nesten hysterisk. Eg var så glad det ikkje var hovudkontoret som ringte. Dei kunne jo finna på å gje meg fleire instruksjonar, noko som i alle høve var upassande.

«Du», sa John, «eg har noko å visa deg».

«Biletet», sa eg, «å herregud, er det biletet?»

«Visst er det biletet!» sa han. «Vil du sjå det?»

«Eg har sett det før,» grøssa eg.

«Då veit du kva du går glipp av. Få ræva i gir og kom.»



Minuttet seinare hadde eg snørt skorne og gjekk ned trappa som førte ifrå Garborgsenteret til Time bib-

liotek. Det einaste eg så langt visste, var at ein heil formiddags søvn var øydelagt. Rett nok var eg på veg til å sjå eit mystisk portrett av Arne Garborg; men eg kunne ikkje forestilla meg at dette var dagen då eg skulle vikla meg inn i den eldgamle spådomen.

Ein ny Garborg skulle koma; men kva tid? Kven var han, kor kom han ifrå? Kva hadde han her å gjera?

Desse spørsmåla hadde jærbuen stilt seg sjølv i lange tider, tenk at eg kunne bli ein av dei som fann svara.

Eg gjekk gjennom kafé Garborgstova og forbi resepsjonen til biblioteket. Ein augneblink vart eg ståande utanfor, på Atriumsplassen. Her skulle opningsseremonien finna stad om berre nokre veker. Garborgsenteret skulle opna. Kongen var invitert, kulturministeren med, Helge Torvund, Torfinn Nag, Ingrid Rusten, ordførar Kverneland. Tidlegarte statsrådar og noverande stortingsrepresentantar. Det ville bli ein av dei største og viktigaste hendingane i byens historie.

Eg drog hetta over hovudet og myste andektig opp på Høghuset. Garborgsenteret låg vegg i vegg med eit enormt bygningskompleks, Forum Jæren, toppa av landets tredje høgaste skyskrapar. Skyene låg tungt over den finansielle ereksjonen. Vêret hadde treft byen hardt i sommar.

Blakk som vanleg bøygde eg hovudet for vinden og skunda meg forbi Arne & Hulda frisør, over ein parkeringsplass, under jernbanetunnelen, forbi Narvesen. Så langt: alt vel. Men då eg skulle passera puben Thime Station høyrde eg ei kjent stemme. Det var Torfinn Ed-

land, formannen i fotballklubben. Eg hadde lese om han i ei bok ein gong, og etter det hadde han alltid kjent meg att. I grunnen litt merkeleg, eg fekk det ikkje heilt til å gå opp.

«Hei», sa han, «du Gonzo?»

«Ja», sa eg.

«Kor skal du?»

«Til John.»

Han tok eit steg bakåt.

«For å sjå biletet?»

Eg nikka.

«Å herregud», sa han. «Erling, han skal sjå biletet».

Dagsland stakk hovudet opp bak ei potteplante.

«Biletet? Var det nokon som nemnde biletet?»

Han stakk hovudet ned igjen.

«Herregud», høyrde eg han seie, «eg må ha ein pils til».

Han fór innover puben. Edland sette seg tungt, drakk ein slurk og byrja å lesa på måfå i «Bondestudentar». Sjølv lyfta eg handa til farvel.

Eg skunda meg over torget. Undervegs snudde eg meg til høgre for å helsa på Garborg-statuen, slik me var instruert til. Då fekk eg sjå ei and som var i ferd med å setta seg på hovudet hans! Hadde ikkje ender respekt for statuar? For Garborg? Eller var andesittinga eit teikn som hadde noko med biletet å gjera? Noko med Garborgsenteret å gjera? Eg måtte vekk, dette vart for nærgåande. Hadde John trolla det til slik at sjølv dyra spelte på lag med han? Akkurat då fekk eg eit kraftig vindkast midt i fleisen, følgt av ekstremt hardt regn. Eg trakk hetta ned i andletet og skunda meg inn i Storgata for å gøyma meg i mengda.

Då eg var komen til den andre enden av gata var himmelen tom for regn. Men skydekket hang framleis tungt og mørkt over byen. Eg gjekk over til den andre sida av Reevegen, gjennom undergangen; og idet eg kom ut av den vesle tunnelen såg eg rett på høgblokka til John. Ho likna eit slott. Ho trona på toppen av Brynehaugen, den mest Garborg-fanatiske delen av byen. Der, i Slottsblokkas toppetasje, heldt John til.

Han hadde ringt, han hadde bede meg koma.

Eg hadde teke telefonen og måtte ta opp kampen.



Eg byrja oppstigninga. Dei blaute skorne gjorde motbakken til ein prøvelse, men til slutt nådde eg foten av blokka. Eg gjekk inn i trappehuset. Eg gjekk oppover, rundt og rundt, etasje etter etasje; som ein snigel sleit eg meg av garde, og sanneleg drypte det slik av jakka mi at det vart eit fuktig spor etter meg òg.

Endeleg sto eg framfor ei dør. Ei einaste lysstripe hadde sloppe igjennom den tette himmelen og lyste ho opp, det var skræmmande.

Ved døra hang det eit skilt.

På skiltet sto det *Jon*.


Om få sekund ville eg stå andlet til andlet med ein Garborgs galning.

Inntil vidare,

Gonzo Johnsen

Formidlar

Nasjonalt Garborgsenter



Framfor meg sto han, Jon Fossmark, norsklektor ved Bryne vidaregåande skule, musikalsk hjerne i rockebandet Trette Menn. Jon Fossmark var innehavar av eit portrett, som, om ein var i stand til å tolka det rett, kunne føra til oppklåringa av ein gammal spådom.

Den dagen Garborg veks inn i himmelen, skal ein ny diktar koma.

Fossmark hadde langt hår og god skjeggvekst. Han var den største mannen eg visste om. I følge seg sjølv sto han på Olympiatoppens antidopingliste allereie som 13-åring. Hadde han levd for to tusen år sidan, ville han ha vore ein gladiator, ein slik som vann kamp etter kamp før han til sist utfordra sjølv keisaren. Jon Fossmark var nådelaus nok til dét. Han var kjend for å stela matpakkene frå elevane sine om han hadde gløymt sin eigen. Skiver med leverpostei slikka han i seg som levande rov.

Men han var kunnig og litteraturfrelst òg, ein sjølvutnemnt forvaltar av Arne Garborg sitt namn og rykte. Han hadde skrive masteravhandling om diktaren, mykje lesen i byens undergrunnsmiljø, svoltne som dei var på nye innsikter i gamle tekstar. Når han no sette auga i meg, var likskapen med den russiske mystikaren Grigorij Rasputin påtakeleg. Håret og blikket var nærast identisk med mannen som hadde skuld i den russiske tsarens fall. Dette var nok éin av grunnane til at Fossmark hadde hundre prosent disiplin i klassane sine.



Det var òg ein av grunnane til at han ikkje fekk lov til å undervisa i religion.

Året før hadde me vore kollegaer på Bryne vidaregåande skule. Så fekk eg jobben som formidlar på Garborgsenteret, men ingenting tyda på at det var eit val som hadde vunne hans respekt. No møtte me kvarandre berre på byen iblant, ein gong eller to hadde han motviljug invitert meg til ein siste konjakk i stova si. Den einaste konjakken han likte, var det Braastad-produserte merket «Fritenkjar». «Berre *Fritenkjar* sømer seg ein fritenkjar,» pla Fossmark seia.

«No,» brumma han frå dørøpninga, «det var faen meg på tide, Gonzo. Du er ikkje blitt kjappare i føtene sidan sist, din blaute jævel. Har det regna på deg? Ha! Ei glede å sjå deg, ser du.»

Han tok eit steg til sides, slik at eg kunne smyga min vesle kropp mellom dørkarmen og hans enorme ramme av kjøt og blod. Medan eg tok av meg skorne, skubba han seg forbi og stilte seg inst i gangen. Nokre mannslege støvlar låg hulter til bulter på golvet, ein stumtenar tok audmjukt vare på den verdifulle jakka i kasjmir-ull han hadde kjøpt seg i London. Eg hengte boblejakka mi varsamt på stumtenaren sin nedste arm, så snudde eg meg mot han. Han sperra dørøpninga inn til stova. Som vanleg var han kledd i supporterutstyr. Han gjekk i ei brun T-skjorte med bilete av den store diktaren på brystet, og eit sitat på magen.

«No, Gonzo,» sa han.

«Jau, Jon,» sa eg.

«Kall meg *John*,» sa han.

«Orsak,» sa eg, «men det står «Jon» ved døra.»

«Eg vil kje heita «Jon», eg er *John*! Er det så vanskeleg å forstå? Eg, som har skrive masteravhandling om Garborg, som både snakkar og skriv nynorsk, som er lærar som læraren i Læraren og Garborg sjølv, skal eg måtta kallast det same som sleipingen Jon – han som vraka Veslemøy utan å koma med eit trøystens ord! Men eg, og det kan eg lova deg, Gonzo, eg skal ikkje gifta meg med noka megge ifrå Ås. Eg er ikkje Jon, men *John*!»

«Orsak, John.»

«*John*!»

«Eg sa John.»

«*Gjorde* du?»

«Ja, John.»

«Orsak. Då er det eg som skal orsaka, Gonzo. Orsak.»

«Heilt i orden,» sa eg til Jon.

«Eg hørde deg!» brølte han. «Du tenkte *Jon*!»

Biletet måtte ha gjeve han mektige krefter.



Etter å ha slått nokre gongar i veggen, byrja han å frita meg ut om den nye jobben. Dette irriterte meg, eg ville inn og sjå biletet; men Fossmark gneldra i veg om Garborgsenteret, kva me gjorde der, om eg fekk nok søvn i arbeidstida og kva slags stilling eg hadde. Han hadde sett at eg skreiv på heimesida vår, garborg.no, og trudde eg var journalist.

«Det hender eg er innom der,» sa han. «På heimesida dykkar, altså. Nokre få gongar til dagen, berre, ho er kje så god. Eg vil kalla deg journalist, eg.»

Han fann ein buse i nasen og stirte sint på han.
«Revolverjournalist,» la han til.
«Nei nei,» protesterte eg, «eg er berre ein vanleg formidlar.»
«På Garborgsenteret? Ingen er noko vanleg på Garborgsenteret.»

Han knipsa busefanten oppi den eine støvelen sin.
«De er prestar og prestinner,» sa han, «dedikert til verdas beste litteratur. Slikt må ikkje underslåast. Eg vel å kalla deg *revolverformidlar*, eg.»

Eg nikka motviljug.
«Vel,» sa han. «No er det på tide at du får sjå biletet. Kva tid såg du det sist?»

«På fredag.»
«Der ser du. Det er altfor lenge sidan.»
Bak han, gjennom døropninga og til venstre i stova, kunne eg skimta Garborg-portrettet. No skulle eg endeleg få studera det, kanskje finna porten til ein av dei store løyndomane.


«Kom inn!» sa John Fossmark.
Og eg kom.

Inntil vidare,

Gonzo Johnsen

Revolverformidlar

Nasjonalt Garborgsenter



John Fossmark hadde sloppe meg inn i stova for å syna eit portrett av Arne Garborg. Eg hadde sett det før, men dette var fyrste gongen eg såg det edru. Med korte, andektige steg nærma eg meg. Og jau, biletet var endå mektigare enn på nachspiel. Innanfor ei ramme av solid, mellombrunt tre, kanskje teak, sat han, den største forfattaren av dei alle, Arne Garborg, i ein pinnestol framfor eit bakgrunnsbilete av Knudaheio.

Den kloke mannen såg på meg med alvorlege, kunnskapsrike auger. Han hadde ein løyndom, det visste alle. Blikket han gav meg demonstrerte dunkle mistankar: at eg ikkje var i stand til å låsa opp den løyndomen. At eg ikkje var utvalt, eg var ikkje gåverik. Ingenting tyda på at det var meg han såg etter.

Eg var ikkje den nye Garborg.



Hans Rundt-Hjuliussen



Ivan Storm-Juliussen

Men kven var det som var det? Heilt sidan diktsyklusen «Haugtussa» var blitt utgjeven i 1895, historia om den synske jenta på Jæren, hadde diktarens profetiske evner vore årmeint aksepterte. Spørsmålet var berre kva det var han såg? Etter hans bortgang i 1924 var det mange som påsto at han hadde sett tusen år med fred. Etter krigsutbrotet i 1940 trudde dei det var tusen år med krig. Etter D-dagen, sjette juni 1944, var det vanskeleg å oppnå noka semje om synene hans. Så skjedde det noko. Medan folk hadde anna å tenka på enn å saumfara «Haugtussa» på leiting etter spådomar, hamna biletet i klørne til Fossmark si mormor. Måleriet var ikkje signert, men det var datert – til 1943.

Sjølv om Garborg hadde vore daud sidan 1924.


Folk diskuterte heftig og i krigens siste månader kom det til fysisk klammeri mellom tyskarar og timebuar, timebuar og kleppsbuar, kleppsbuar og håbuar, håbuar og håbuar. I diktarens panne kunne ein tydeleg sjå tri kulehol.

Sjølv rikskommissær Josef Terboven hadde i ein radiotale nekta for at han hadde hatt noko med herpinga å gjera. Alle jærbruar var rasande. Dei sa at dersom det var på den måten tyskarane ville te seg når dei okkuperte framande land, ja då fekk dei pella seg vekk og okkupera det landet dei kom frå. Men ingen skuldmann viste seg. Spørsmåla var mange: *Kven hadde måla portrettet? Var Garborg framleis i live? Kven hadde våga å skyta på han?*

Nokre av spørsmåla fekk snart sine svar. Måleriet skulle opprinneleg ha dukka opp heime hjå landssvi-

karen Henry Rinnan, og dette var noko folk lika dårleg. Heilt til det viste seg at dei hadde høyrte feil, biletet hadde ikkje vore hjå Rinnan likevel, men ein Henrik Rånan i Gjesdal, som ikkje var nazist, men morosam på fest og glad i dyr. Då det kort tid etter vart klårt at han var litt for glad i dyr, særskilt i ei kvige ved namn Blomma, var lettelsen stor då det viste seg at det ikkje var hjå Henrik Rånan biletet hadde vore likevel, men på soverommet til Henny Randen, ei kvinne med store bryst på Hognestad i Time. Då det ein dag viste seg at brysta ikkje var så store likevel, snarare små, ho hadde berre fylt blusen med mykje høy, var gleda stor då det viste seg at det ikkje var hjå *henne* ein hadde funne biletet heller, men hjå målaren Hans Rundt-Hjuliussen, ein brynebu som berre måla bilar, helst moderne sportsvogner på rolege landevegar, gjerne i solskin.

Rundt-Hjuliussen hadde mykje å fortelja. Historia var som følgjer: Han hadde gått seg ein tur rundt Frøylandsvatnet då han fekk auge på ein diger presenning han kunne nytta som lerret. Han nappa han med seg, men under presenninga oppdaga han fire terrengbilar fulle av tyske soldatar klare for eit overraskingsangrep på motstandsrørsla. Rundt-Hjuliussen fekk panikk, han storma bortover skogsvegen. Terrengbilane fulgte etter han, men han var skikkeleg fotrapp. Han sprang gjennom Bryne og sørover mot Undheim. Terrengbilane fulgte etter han, men han hadde skikeleg god kondis. Akkurat då dei skulle til å ta han igjen, forsvann han. Han var ikkje å sjå nokon stad. Nazistane leita lenge og vel, og Rundt-Juliussen var lattermild då han etter krigen kunne fortelja kva han hadde gjort.



«Eg gøymde meg under presenninga», lo han, «han var jo laga for kamuflasje.»

Då tyskarane hadde gått vidare, kunne målaren krypta fram; og då såg han at han var like utanfor Arne Garborg si diktarstove i Knudaheio. Det regna, så han gjekk inn. Og der fann han eit ukjent fotografi av dikteren, dette overførte han med oljefargar til presenninga. Så gjekk han heim, for sola hadde begynt å skina og han fekk slik trang til å måla terrengbilar.

«Biletet dukka opp hjå mormor mi», fortalde Fossmark, «mot slutten av krigen. Ho var bergteken av Garborg og ville ha eit portrett på veggen heime. Ho kjøpte det av Rundt-Hjuliussen, men ville aldri seia kva ho betalte.»

«Men denne Hjuliussen,» avbraut eg, «kvifor høyrer du han så kjend ut?»

«Det er farfaren til kunstnaren Ivan Storm-Juliusen, sjølv sagt,» forklarte Fossmark og heldt fram: «Etterkvart grubla mormor mykje på dette med kulehola; Rundt-Hjuliussen hadde ikkje sagt noko om dei. Og då ho ein dag tok biletet ut av ramma, såg ho at det ikkje var måla på presenning, men vanleg lin-lerret. Rundt-Hjuliussen måtte innrøma at han ikkje hadde måla det, berre stole det. Mormor vart skikkeleg arg, særleg med tanke på det ho hadde betalt for det. Ho ville aldri seia kva. Så braut ho seg inn i Knudaheio ein dag. På loftet fann ho tri kulehol i veggen. Ho hengde biletet over dei for å sjå om dei passa, og det gjorde dei. Medan ho sat slik og studerte måleriet, der det ein gong måtte ha hengt, fekk ho plutsleg for seg at blikket til dikteren flakka. Ho stokk, sjølv sagt, men ho hadde opp-

levd mykje under krigen, blant anna skikkeleg rusk-evêr og tilbakevendande snikeunderbukse, så ho var ikkje skuggeredd. Ho fekk for seg at dikteren prøvde å seia henne noko, så ho fulgte blikket hans. Og der, Gonzo, veit du kva ho fann?»

«N-nei,» stotra eg.

«Ein inskripsjon i treveggen. Veit du kva det sto?»

«N-nei.»

«*I helvete.*»

Eg gispa.

«Du veit kva dét betyr?»

Eg våga ikkje å svara. At «helvete» var eit banneord, var greit nok - men var det eit nynorsk banneord? Hovudkontoret krevde nynorsk språkføring til eikvar tid, her var det ikkje rom for feilskjer.

«I Helheim», slo Fossmark fast, og klaska ei bok i bordet.

Inntil vidare,

Gonzo Johnsen

Revolverformidlar

Nasjonalt Garborgsenter



Stova hans var koseleg, men rotete. Jærbladet låg i haugar, i hundretals, mange oppslått på sidetri, der lesarinnlegga hans sto. Gong på gong hadde han banka inn i jærbuen at dei moderne tidene ikkje forsto Garborgs dekadanse på beste vis. No sette han seg ved spisebordet, pusta tungt, og skjenka seg ein konjakk.

«Klokka er snart elleve,» sa han.

«På føremiddagen,» presiserte eg.

«Snart helg,» sa han.

«Onsdag,» sa eg.

«Allereie?» sa han. «Eg trudde det var tysdag. Vil du ha eit glas?»

Eg rista på hovudet og gjorde teikn til at han skulle halda fram med forteljinga si. Han hadde nyss fortalt om korleis mormora hadde fått tak i det biletet som no hang på vegg i stova hans, eit berykta oljemåleri

av Arne Garborg. Det hadde leidd mormora hans til innskripsjonen «I helvete» på vegg i Knudaheio. Dette var skræmmande, og det vekte undring i meg. Kvifor skulle denne store dikteren og målmannen, riven som han var mellom tru og tvil, skjera eit banneord som også fungerte på riksmål, på vegg i sin eigen heim? Fossmark hadde gjeve meg svaret: «I Helheim», av somme kalla «Haugtussa 2».

«Helheim» var sjølvstog ordet for den norrøne underverda, men under kristninga for skikkeleg lenge sidan vart det overteke og nytta i den nye religionen. Dobbelttydinga vart så nytta av Garborg då han skreiv ei fortsetjing til meistarverket «Haugtussa», i 1901. Hovudpersonen Veslemøy, som med naud og neppe hadde sloppe unna underverda i «Haugtussa», måtte tilbringa nesten heile si tid der i oppfylgaren «I Helheim».

Fossmark tømte konjakk i ganen og sa:

«No vil eg ha kaffi, for satan.»

Han reiste seg, peika på «I Helheim», og forsvann ut på kjøkenet. Eg opna boka, eit meistarverk dei færraste hadde lese; men som tilsett ved Garborgsenteret var eg sjølvstog godt kjend med innhaldet. Eg ville gjerne endra folk sine lesevanar. Jærbuar flest hadde gjerne lese «Haugtussa» både fem og seks gongar, men «I Helheim» hadde dei knapt opna, sjølv om det var vanleg at ein fekk eit eksemplar til konfirmasjonen.

Når Garborgsenteret opna dørene, om berre nokre veker, skulle spådomane gjevast stor plass, jamvel få si eiga avdeling.

Kva tid kom den nye Garborg?

Det visste eg ikkje, men eg såg at Fossmark kom. Han hadde teke med seg to kaffikoppar; eg reiste meg taknemleg og ville ta imot den eine, men han sleppte ikkje taket. Eg reiv og sleit, nytta begge hendene, lente meg bakåt og la tyngden til - men fingeren den gigantiske John Fossmark hadde putta gjennom koppens hank var sterkare enn noko.

«Slepp!» sa han, og eg slapp. Eg fall på golvet og vart liggjande og skua den imponerende storleiken hans nedanfrå – og dei to gode, rykande kaffikoppene han heldt. Dei såg uvanleg freistande ut.

«Hent din eigen kaffi, litle jækel!»

Eg skjøna ikkje.

«Orsak,» sa eg, «men du har jo to kaffikoppar, John. Kvifor då?»

«Når eg er ferdig med den fyrste, så drikk eg den andre!»

Han sette seg, og la til:

«Eg *likar* kaffi, eg.»

Han fortsette:

«Men Garborg *elskar* eg.»

Eg luska ut, fann ei katteskål - han hadde ein kattunge kalla Naomi - skylte den gamle mjølka ut, fylte han på ny, med kaffi denne gongen. Eg sette meg ved spisebordet. Fossmark lyfta helheimsboka og sa:

«Du veit kva dei seier? At det skal koma ein ny Garborg? Og at måleriet er nykkelen til denne spådomen? Ja, sjølv sagt veit du det, alle veit dét; du er kje frå Trondheim, du.»

Det var ei kjend sak at Fossmark, som hadde studert nordisk ved Universitetet i Trondheim, ikkje var vidare glad i trønderar. «Trondheimsjævlane», som han bruka

å kalla dei, dyrka to forfattarar: Erlend Loe og Anne B. Ragde. Ingen av dei kom opp på det nivået me jær buar var vane med. «Åndspygmeiar» kalla Fossmark dei, iallfall hadde han skrive noko slikt i eit av dei lysande breva han vekentleg sendte til Jærbladet. Men no ville han fortelja om spådomen. Han hadde studert «I Helheim» grundig og meinte han var på sporet av løysinga på Garborg sin gamle profeti.

Den dagen Garborg veks inn i himmelen, skal ein ny diktar koma.

Svaret måtte ligga i diktsamlinga. Fossmark forklårte at det i «I Helheim» sto at den dagen «eg», altså Garborg, voks inn i «himmelen», skulle «ein ny diktar», altså ny Garborg, stå fram, og den gamle, altså Garborg igjen, skulle gløymast, altså ikkje hugsast. For alltid.

Amen.

Når den nye diktaren kjem, skal den gamle gløymast.

Fyrst måtte me finna ut kva tid han skulle veksa inn i himmelen. For kva tyda det? Som kunstnar hadde jo Garborg vore ein av dei store sidan 1880-talet. Han tilhørte stordomstida, gullalderen, var ein av skaparane av det norske, jamvel landsmålet, nynorsken. Arne Garborg var målmann, ein åndshøvding, tenkjar og diktar. Han var allereie den største. Korleis kunne han verta større enn det?

Fossmark dytta meg bort til vindauget. Der, i det fjerne, skimta eg Høguset.

Skyene var no så låge at det var like før dei åt i seg takterrassen.

«Ser du», sa han. «Garborgsenteret veks inn i himmelen. Den dagen de opnar dørene, skal den nye Garborg stå fram.»

«Kva vil skje?» spurde eg.

«Arne Garborg vert gløymt. Litteraturen, filosofien, språket, ja *verda* vert kjipare. Fattigare og farlegare. Me får ein læreplan som kan ta livet av einkvan. Dei glupe skal bli dei dumme. Skulebøkene kjem til å hylla åndsamøbar.» Han ramsa opp: «Ragde, Loe, den nye Garborg. Kven enn den nye Garborg visar seg å vera, så kjem han til å bli ei leiestjerne for den nye tida.»

«Korleis angår dette *meg*, John?»


«Gonzo, Gonzo,» sa han trøystande og dunka meg så kameratsleg i ryggen at eg måtte ta eit skritt framåt for ikkje å detta. «Folk har ikkje bruk for eit Garborgsenter om det finst ein annan forfatter dei vurderer høgare. Du kjem til å mista jobben, Gonzo.»

Inntil vidare,

Gonzo Johnsen

Revolverformidlar

Nasjonalt Garborgsenter



Eg jumpa ut på altanen og spydde ned frå øvste etasje. Dovre var eit korthus, verda sto for fall.

«Få det ut,» sa John. «Det er eit sjokk. Sjølv sagt er det det.» Han tok ein pause, før han sa: «Spy litt meir mot høgref, er du snill. Eg likar ikkje dei som bur der.» Han freste. «Dei er ikkje fritenkjarar.»

Eg kraup inn igjen, dumpa tungt ned i sofaen hans, lente meg bakåt og lukka augene. Det hamra i brystet. Kva skulle me gjera?

Når Garborg veks inn i himmelen, skal ein ny diktar koma.

John Fossmark hadde svar. Han sa at dette hadde han tenkt på lenge; dilemmaets løysing ville vera fullbyrdinga av livsgjernainga hans. Kampen me no sto overfor var som skapt for han på same måten som den andre verdskrigen hadde passa Churchill, slik Napoleons-

krigane hadde passa Napoleon, slik Torskekrigen hadde passa laks og aure. Fossmark meinte me hadde to moglegheiter. Anten måtte me setta fyr på Høghuset slik at Garborgsenteret ikkje på noko vis kunne veksa inn i himmelen og oppfylla spådomen. Eller så måtte me finna den nye Garborg og uskadeleggjera han.

«Ikkje brann», sa eg, «då forsvinn jo arbeidsstaden min, okke som.»

Fossmark sa seg einig. Sjølv om han hadde eit islett av pyromani i seg, sa han – og eit trassig behov for å framstå som nihilist i adventstida – var han ikkje terrorist. Han ville ikkje skada nokon. Me fekk heller finna den nye Garborg og uskadeleggjera han.

«Koss gjer me det?» spurde eg.

«Me drep han,» sa Fossmark. «Det gler eg meg til.»



For at livet skulle gå sin vante gang, Garborg halda på posisjonen som vår største forfattar og tenkjar, og for at Garborgsenteret skulle opna som planlagt, så måtte eg og John Fossmark finna den nye Garborg. Men korleis gjorde me dét? Kven kunne han vera?

Fossmark sa at me kunne ta det heilt med ro. Me hadde tilgang på dei beste hjelpemidla som fanst, nemleg portrettet og den visjonære diktsyklusen «I Helheim».

«Dessutan kan me nytta hovudet,» la han til.

«Å ja,» sa eg, «det hadde eg gløymt.»

«Veit det,» sa han, «eg kjenner deg såpass.»

Han presiserte at den nye Garborg var nøydd til vera ein me allereie hadde høyrte om – ein forfattar som var anerkjent, trass alt var det berre nokre månader til han skulle stå fram. Den nye Garborg sto på terskelen sitt livs gjennombrot, jamvel eit europeisk gjennombrot. Men var det nok? Eller kunne det vera fleire variablar?

«Geografi,» sa eg.

«Godt tenkt, Gonzo. Sjølv sagt. Den nye Garborg må jo ha noko til felles med den gamle for å kunne kallast *den nye*. Det er berre logisk. Han må vera herifrå, timebu, det må me rekna med.»

«Og mann?»

«Ja, for elles ville han ha vore *den nye Hulda*.»

«Og tenk kva konsekvensar det ville ha fått», sa eg – og førte oss ut i eit apokalyptisk scenario om eit Noreg utan bunadar, utan folkedans, utan Det norske Teatret. Vidare diskuterte me kvantefysikk, Guds opprinnelse og kvifor Nietzsche ikkje nytta ordet *nedrinnelse* då Gud døydde. Til slutt tok me for oss spørsmålet om det var Tom Lund eller Roger Albertsen som var sist på ballen då Noreg gjekk opp til 2-1 mot England i 1981. Endeleg kom me tilbake til spådomen om den nye Garborg. Me var einige om at det måtte vera ein etablert og anerkjent forfattar, han måtte vera frå Time kommune og han måtte utvilsamt vera mann.

«Men ikkje så mannsleg som meg,» sa John. «Eg er noko i overkant.»

Han stilte seg sidelengs og strama bicepsane.

Me gjekk gjennom kandidatane. Dei viste seg å vera kleppsbuar, håbuar eller kvinner mest heile bunten. Til slutt sto me att med berre tri kandidatar. Fleire var det

ikkje som oppfylte kriteria våre. Den nye Garborg måtte vera Einar O. Risa, Nils Henrik Smith eller Jan Zahl.

Risa var i skotet for tida, han hadde nyss gjeve ut den fjerde romanen i ein trilogi, «M. Kanne & Søn», ei bedrift som i seg sjølv var imponerende; og han hadde fått eit slags nasjonalt gjennombrot. Smith hadde berre gjeve ut to bøker i heile sitt liv, til saman like tjukke som éi; men den fyrste, *Manhattan*, hadde gjeve han Tarjei Vesaas' debutantpris – og no dreiv han og sulla nedover i Europa, slik den unge Garborg hadde gjort.

«Zahl då?»

«Zahl,» sa Fossmark, «har gjeve ut fleire bøker, han driv i avisbransjen som Garborg, han er høg, om enn noko feminin – for», Fossmark slo i bordet så det ringte i øyrene mine, «han er ein dandy med krøller! Og krøller, det hadde ikkje Garborg.» Han tømte kaffikoppen og sa: «Zahl er ute!»

Eg protesterte, om enn noko vagt. Hår var vel ikkje ein av variablane me var blitt einige om. Eg trudde me var hadde vore samde om at den nye Garborg kunne vera kven som helst, berre han var ein kjend forfattar, mann og at han kom ifrå Time.

«Kor kjem dette med hår inn, John?» spurde eg.

«Du har rett, Gonzo,» sa Fossmark. «Me sa ikkje noko om det med krøller.» Han reiste seg og brølte: «Eg tok det som ein sjølvfølge!»

Noko paff gjekk eg med på det. Me sto igjen me to: Smith og Risa.

«Nei, vent!» sa eg. «Det er éin til!»

«Kva?» Fossmark måpte. «Ein *til*? Frå *Time*? Du køddar?»

«Han som skreiv bok om fotballklubben, Ørjan Johansen, kan han vera den nye Garborg?»

Fossmark lo så han svaia.

«Hoho! Sei at det er ein spøk, Gonzo! Hihihhi! Eg ser det for meg. Hihi! Det skulle tatt seg ut, he he he.»

«Ja!» lo eg. «Det er ein spøk, John!»

«Ein *god* spøk» sa han. «Men no må me verta alvorlege. Me må finna ut om det er Smith eller Risa som er den nye Garborg.»

«Korleis gjer me det?» spurde eg.

«Me går til skriftene. Me må lesa i Helheim.»

«Kva kan me finna der, som andre ikkje har sett?» spurde eg.

Han viste meg forsida igjen. Når eg såg skikkeleg godt etter, såg eg at det var andreutgåva.

Fossmark presiserte at Garborg jo var eit geni, det måtte me aldri gløyma; og for geniale gløggingar var det ikkje så vanskeleg å lura folk. Det hadde Fossmark sjølv erfart.

«Eg lurar folk heile tida,» sa Fossmark.

Vidare fortalte han at Garborg måtte ha visst at folk kom til å rekna fyrsteutgåva som viktigast, for det vestlege mennesket var framleis impresjonistiske i sitt kollektive undermedvit; dei innbilte seg at skaparaugneblinken inneheldt noko unikt. Difor ville Garborg ha notert spådomane sine i andreutgåva, det verket lesarar flest ville vurdera som medvite i gjerningsaugneblinken og difor ikkje som ekte, ukontrollert kunst det var umogleg å begripa. I andreutgåver kunne løyndomar skjulast i ein mannsaldar.

«Til det kjem ein lesar like gløgg som forfattaren,»

sa Fossmark – og stilte seg under taklampa.


«Opna boka!» sa eg. «Fort, fort! Kva *står* det?»

Inntil vidare,

Gonzo Johnsen

Revolverformidlar

Nasjonalt Garborgsenter



Eg og lektor Fossmark, ein nokså dominerande type, sat i leilegheita hans og samtalte om laust og fast.

«Koss er avføringa di for tida?» spurde Fossmark.

«Nokså fast,» sa eg.

«Men min,» sa han «er litt laus.»

Han budde på toppen av Slottsblokka, den høgaste boligblokka i den mest Garborg-fanatiske delen av byen. Fossmark hadde ved hjelp av eit måleri, og ein aning deduksjon, kome fram til at me kunne finna ut kven som var den nye Garborg. Dette kunne me klara ved å nærlesja andreutgåva av diktsamlinga «I Helheim».


Han sette seg på ei Garborg-bok med spisse kantar og tente eit lys. John Fossmark ville meditera.

Han lukka augene og sa:

«Fred vera med oss.»

Etterpå tok han boka opp frå stolen og la han på bordet.

Han trong ein liten sea-nse kvar dag, sa han, det essensielle var å koma så nær Garborg som mogleg. Og akkurat i dag var dette særskilt viktig. Me måtte finna den nye Garborg og uskadeleggjera han, berre slik kunne livet gå sin vante gang og Garborgsenteret bli det framifrå museet alle venta seg.



Me visste at den nye Garborg måtte vera Nils Henrik Smith eller Einar O. Risa. For å finna ut kven av dei det var, slik at me kunne finna han og uskadeleggjera han, hadde John bestemt seg for å konsultera «I Helheim». Han gav meg eit eksemplar og utfordra meg til kapplesing med trollet.

«Trollet?» spurde eg.

«Lat som eg er Anne B. Ragde,» sa han. «Eller Erlend Loe.»

Som kjent hata John Fossmark alle trønderar. I tillegg hata han all litteratur som var skriven av trønderar. Særleg Loe sin roman «L» hata han, men det var mest fordi han hata alt som smaka av postmodernisme. Tekstar med metareferansar og bilete var noko han ikkje kunne fordra. I tillegg hata han Anne B. Ragde fordi ho skreiv romanar utan undertekst, forteljingar som braut med estetikken til den russiske førkrigstida, den som Fossmark elska, som gjekk ut på at litteraturen

skulle underleggjera verda.

«Det er ikkje noko underleg med litteraturen til Ragde,» sa Fossmark; «men det at nokon gjev det ut, dét tykkjer eg er underleg.»



Etter å ha lese ei stund, gjekk det opp for oss at me måtte innsnevra søket litt. Endringane frå fyrsteutgåva var så mange at me bestemte oss for å sjå etter noko som kunne skilja forfattarens stemme frå forteljaren sin. Me trong eit signal om at det her kom noko som angjekk den verkelege verda, jamvel framtida, ikkje berre verdilause utsagn som høyrde til tekstens indre logikk.

Garborg hadde hatt for vane å omarbeida verka sine før dei kom ut att, han endra rettskrivinga etter midlandsnormalen og han la gjerne til nokre nye vers eller avsnitt. Til dømes hadde romanen «Den burtkomne faderen» fått fire nye kapittel til andreutgåva. I helheimsboka hadde Garborg berre lagt til nokre strofer her og der. Som tilsett ved Garborgsenteret kjente eg teksten ut og inn, eg skumma igjennom han i ein rasande fart. Og på side 35 såg eg noko! Eg las høgt:

«Eg, Arne Garborg / vil seia fylgjande.»

«Nei nei nei!» protesterte Fossmark. «Det er for vagt. Les vidare.»

Det gjorde eg; og litt seinare fann eg noko interessant! Eg las høgt frå side 78:

«Eg er sjølv Diktaren / no maa Du lytta.»

«For noko vås!» sa Fossmark. «Vent til du finn noko heilt tydeleg.»

Etter det sa eg ikkje meir, men leste seinare og nøyare, slik at Fossmark skulle bli nøgd med meg. Men brått var det han som vart engasjert.

«Evreka!» jubla han og stakk nasen opp frå boka. «Eg har funne det! Eg har funne det!»

Han reiste seg opp med armane i vêret, slo så lukkeleg i taket at eg fekk takspion i hovudet, sette seg att, og las høgt frå side 95:

«Ein Alv spela / paa eigne Strenger / Han tvang Fela / t'aa strekkjast lenger.»

Eg tykte ikkje det var det minste tydeleg.

«Gonzo! Ser du det ikkje? Du som jobbar på Garborgsenteret?» Han peika på teksten, som om ein nærværande finger gjorde innhaldet noko klårare. «Dette,» sa han, «er ein ufråvikeleg allusjon til Alf Buestreng!»



Alf Buestreng var Arne Garborg sitt psevdonym. Han hadde nytta det som forfattarnamn i avisa Tvedestrandsposten, då han publiserte sine aller fyrste dikt. Med dette hadde Fossmark funne metamomentet – orda til *forfattere*n, ikkje *forteljar*n – og me sto framfor svaret på kven *den nye Garborg* kunne vera. Det sto heilt sikkert i den neste setninga. Me pusta ut, såg på kvarandre – og las i kor:

«Ut og et! Ut og et!»

«Det var vel noko snodig?» sa eg.

«Nei,» sa Fossmark; «eg er faktisk skikkeleg svoltent.»

Då rista golvet så eg mest fall av stolen. Portrettet på veggen dingla ifrå side til side.

«Kva var dét?» spurde eg.

«Å, det er berre magen min som romlar,» sa Fossmark. «No må me gå og eta. Det er mest utruleg at Garborg kunne veta det!» Han reiste seg. «Kom no, Gonzo, du betalar.»

«Kor skal me då?» spurde eg. «Til Garborgstova?»

«Der var eg i går,» sa han.

«Peppes då? Eller Guddy's bu?»

«Sattan,» sa Fossmark, «me går på Garborgstova sjølvsagt.»

«Du åt der i går, jo.»

«Eg et på Garborgstova kvar dag, eg!»

Medan eg knyta skorane mine, tok han fram ein revolver. Han fikla med han, snurra han rundt peikefingeren og øvde seg på fleire tøffe positurar. Himmell! Eg tok eit steg bakover. Eg lente meg mot veggen. Eg prøvde å seia noko, men fekk berre fram nokre samanhengande lydar og peika på våpenet han så så stolt heldt i.

«Du veit vel det, Gonzo,» sa Fossmark, «at det finst så mange paranoide der ute. Dei er ikkje til å stola på. Dei er livredde, alltid rede til å forsvara seg. Og sidan somme trur at angrep er det beste forsvar, kan dei finna på å gå til åtak kva tid som helst.»

Han heldt revolveren opp i lufta.

«Stol aldri på dei paranoide, Gonzo!»

Han leia an ut døra, og me gjekk ned gjennom trappehuset. Heile tida såg han seg rundt, som om han mistenkte at nokon fulgte etter oss. Eg hadde ei tydeleg kjensle av at dette kom til å bli ålveltes spennande.

Inntil vidare,

Gonzo Johnsen

Revolverformidlar

Nasjonalt Garborgsenter



Me forlét Slottsblokka, der Fossmark hadde leilegheit i øvste etasjen, og gjekk hurtig ned den bratte Tinghaugvegen. Me passerte Shell-stasjonen og rusla inn i Arne Garborgs veg, som nest etter riksvegen var den største og viktigaste ferdselsåra i byen. Dette var ein av berre tretten vegar i landet som var oppkalla etter den store diktaren, noko som manifesterte vår tids intellektuelle forfall.

«Det er rare tider me lever i,» sa eg.

«Nei, ikkje eg,» sa Fossmark; «men kanskje du.»

Me måtte finna og uskadeleggjera den nye Garborg. Men fyrst måtte me identifisera han. Alt tyda på at han var ein av to: Einar O. Risa eller Nils Henrik Smith. Sjølv hadde eg Jan Zahl som eit mogleg tredje alternativ, men dette var bryskt avvist av Fossmark. Han kunne ikkje sjå for seg den nye Garborg som ein dandy med

tjukke krøller. Den opprinnelege Garborg hadde hatt stritt hår, og det little han hadde var heller tynt.

Då me kryssa den regnvåte vegen, drog eg hetta over hovudet. Me gjekk langs mølledammen Kongo, menga oss med stokkender og metall-piltar i Fritz Røed skulpturpark. Då me nærma oss torget, møtte me ein barnehage på tur. Dei kom på rad og rekkje, lukkelege småjævlar i oljedressar og høgstøvlar. Dei skravla og song og lagde eit larmande leven.

«Pip, pip, det so seg lagar / alle Dagar / at Monse-mann meg jagar / men kann meg aldri faa.»

Brått, men lydlaust, manøvrerte Fossmark sitt forvokste legeme over ein diger stein i vegkanten. Han stilte seg i skuggen, tok stilling, greip revolveren med begge hender og sikta på ei av dei små, søte jentene som gjekk fyrst. Ho hadde rosa lue og musefletter som stakk ut bak øyrene.

Då fingeren hans nådde avtrekkaren, kasta eg meg fram og slo handskytaren ut av nevane hans.

Me rulla rundt på bakken, landa hovudkulls i ein skitten bladhaug. Han reiste seg rasande opp att, med meg på hovudet; han rista kroppen som ei blaut bikkje og lo ondt då eg traff bakken endå ein gong. Han sa at eg hadde godt av å slå meg. Eg svarte at eg fekk vondt av det. Så bøygde han seg ned, plukka revolveren opp, såg seg ivrig frå side til side – men barnehageborna hadde forsvunne inn i Storgata.

«Sattan!» sa Fossmark iltert. «Eg hadde han jo på kornet, Gonzo.»

«*Han?* Det var ei lita jente, John.»

Det var like før han hoppa på meg.

«Eg trur det var Einar O. Risa, ser du.»

«Koss kan ei barnehagejente likna ein seksti år gamal mann med skjegg?»

«Det er alltid noko hekkan med deg, Gonzo! Kva om Risa er ein meister i forkledning, har du tenkt på dét kanskje?» Han fortsette triumfatorisk: «Forresten er ikkje Risa seksti år gamal, han er berre femtisju!» Til slutt peika han på rævdiltarane: «Skal me gå etter dei?»

«Me skal jo eta,» sa eg, «slik Garborg sa.»

Ut og et! Ut og et!

Meir skulle det ikkje til før Fossmark gav seg. Heldigvis romla magen hans noko heilt forderveleg, han måtte ha mat. Det var fordi han så svolten at han handla overilt, sa han, det hadde han alltid gjort.

«Hugsar du den gongen eg stal ein traktor på Vinje?» spurde han. «Ein raud Massey-Ferguson med tungmetallfelgar, doble dekk og magnetisk mobiltelefonhaldar. Berre på faen køyrde eg heile natta utan lys. Eg fylte bensin utan å betala for meg, og stal kaffi både her og der. Eg heiv molotovcocktails på ein par-tri bilar som eg kunne sjå var registrerte i Trøndelag. Då eg kom heim, på morgonkvisten ein gong, pløyde eg opp halve kunstgrasbanen på Kåsen før politiet skulle ta meg.» Han smilte ein augneblink. «Det sto i Jærbladet, Gonzo, kan du hugsar det?»

«Ja,» sa eg.

«Det var berre fordi eg var svolten, ser du.»

Etter glimtet av sjølvinnstekt blei han snill som eit

påskelam. Han beklaga det inntrufne og gjekk sågar med på å putta revolveren i lomma. Han lova at han berre skulle ta han fram igjen viss det blei absolutt naudsynt eller at me møtte nokre trønderar.

På vegen over torget børsta me dei siste løvblada av kleda, og helste til Garborg-statuen. Fossmark helste fordi han var høfleg, eg fordi eg var instruert til det.

Då me kom til Tjemsland, byrja det å hagla – sjølv om det var sommar. Eg søkte ly innanfor døra, og Fossmark kom etter. Medan eg sto der, i gangen, og let regn og og hagl renna av meg, la eg merke til at Fossmark var heilt tørr. Eg fekk ikkje dette til å henga på greip, så eg spurde kva det gjekk i.

«Lat meg seia det slik,» sa Fossmark, «eg treng ikkje nokon ny Garborg, så lenge eg trivst med den gamle.» Han såg åndfullt ut gjennom døra, og opp på himmelen.

Inntil vidare,

Gonzo Johnsen

Revolverformidlar

Nasjonalt Garborgsenter



Me var på veg til Kafé Garborgstova for å eta lunsj. Det var noko me hadde bestemt oss for då me fann ein profetisk setning i andreutgåva av Garborg si diktsamling «I Helheim». På side 95 hadde me lese *Ut og et! Ut og et!*, noko som vanskeleg kunne misforståast. Men sidan det regna noko så ofseleg – særleg på meg, ikkje på Fossmark – hadde me søkt ly inne på Tjemsland. Og Tjemsland hadde tippekiosk. Eg foreslo at me kunne spela litt; til vêret gav seg, berre?

«Vêret er ikkje noko problem,» sa Fossmark, «men ja, eg skulle gjerne ha sett nokre kroner på oddsen. Det er snart helg.»

Me opna oddsbrosjyren. Korleis såg det ut denne veka? Jau, det var låge odds på at Knausgård skulle få Nordisk Råds litteraturpris, men høge odds for at han skulle få Brageprisen. Dette kunne verka noko eigedomeleg, sidan Brageprisen berre gjaldt for Noreg og



Nordisk Råds for heile Norden. Årsaka måtte vera at Knausgård allereie hadde fått Brageprisen, så seint som i 2009. Skulle eg setta nokre kroner på at han stakk av med Nordisk Råds litteraturpris då? Eller betalte det seg for dårleg? Skulle eg spela på Tor Jons-son heller? Eller hadde svensk lyrikk fått sjansane sine reduserte då Tranströmer fekk Nobelprisen av gamle vener? Og kva med amerikanaren Jonathan Frantzen? Han kunne jo ikkje få nordiske prisar, men skulle eg setta ein hundings på at han kom på bestseljarlistene i meir enn hundre land samstundes? Eller skulle eg setta ein femtilapp på at Solstad i den neste boka si ville venda seg til metamodernismen? Og kor mange setningar ville bryta med det opprinnelege rytmeoppsettet på Bob Dylan si neste plate? Ville Øyvind Rimbereid laga endå eit framtidsspråk? Kva var oddsen for at Jon Fosse sin neste roman skulle innehalda illustrasjonar? Kven skulle i så fall teikna dei? Og kor mange bøker ville trilogien til Einar O. Risa koma på til slutt?

Dette var vanskelege spørsmål.

Eg bestemte meg for å seifa. Eg sette femten kroner på at Kulturrådet ville støtta Vidarforlaget sine planar om å utgje Garborg si gjendikting av «Ramakvædet». Kjende eg Fossmark rett, så var han inne på noko av det same. Ja, kanskje ville han setta nokre sedlar på at Penguin skulle gje ut same boka, det var jo eit gjævare forlag? Eller at universitetet i Oxford ville setta Garborg-studium opp som eige masterfag innan 2015? Det ville i så fall gje 230 gonger innsatsen. Eller at den tyrkiske Wikipedia-sida om Garborg ville bli meir populær enn den om Ibsen? Det gav 80 gonger innsatsen om ein

spelte på februar, men berre 78 gonger innsatsen om ein spelte på mars – ein månad som tradisjonelt hadde vore nokså svak for Ibsen.

«Kva trur du?» spurde eg. Men då eg snudde meg, såg eg at han hadde forsvunne til leikeområdet. Fossmark hadde pressa seg oppi ein slik bil som ristar når du puttar pengar på han. Nedanfor sto ein liten gut med ti kroner i handa.

Fossmark lo høgt då bilen begynte å rista. Hovudet dingla i takt med bilens rørsler. Då eg klarte å få han ut, peika han på guten som ville opp.

«Han liknar på Nils Henrik Smith. Trur du det er ein forkledning?»

«Kom John,» sa eg, «du skal få ein is.»

Ut og et! Ut og et!

Han fekk den minste og billegaste isen, ein slik pin-up-is, men det viste seg å vera nok. Fossmark smatta lukkeleg. Til meg sjølv kjøpte eg tri store kuler i kjek-skremmarhus: ei kule med pistasj, ei med sjokolade og ei med banan. Eg fekk sjokoladesaus og dobbel strøssel oppå der igjen, både sjokoladestrø og slikt som kjem i alle regnbogens fargar. Til slutt toppa eg det heile med piska vaniljekrem og to førehandsskrelte bolivianske blåbær dyppa i melis med antiklumpmiddel. Eg var nøye med å få kvittering, her skulle det skrivast reise-rekning. Me som var tilsett ved Garborgsenteret hadde fått klare instruksjonar frå hovudkontoret. Det einaste kravet me hadde var at me måtte vera på veg ein stad, på jobb, og at me måtte fylla skjemaet ut på nynorsk.

No var me lukkelege, begge, både Fossmark og eg, men særleg eg. For når eg såg på den bittelitle isen hans, så visste eg at eg ville bli lengstlukkeleg og det gjorde meg endå gladare. Me smatta høgt der me gjekk: over Jernbanevegen, under jernbanen, forbi ein parkeringsplass, gjennom Høgghuset – og inn på Atriumsplassen.

Me skulle til Kafé Garborgstova for å eta.

Ut og et! Ut og et!

Fossmark stogga brått. To svære karar vakta døra. Dei gjekk i svarte skinnvestar og slitte dongeribukser, tygde på kvar sin tannpirkar – og likna også elles på slike litteraturhooligans som i lengre tid hadde herja stort i Southwark og Stratford-upon-Avon.

Fossmark slukte i seg resten av isen og sleppte pinnen på bakken. Han slikt seg kring munnen med ei spiss og presis tunge. Han la høgrehanda i jakkelomma.

«Er dei trønderar?» kviskra eg.

«Mykje verre, Gonzo,» svarte han. «Dette er slike som ikkje vil syna Garborg respekt.»

Han stilte seg breibeint. Eg gøymde meg bak han.

«Dei to der,» sa Fossmark og stirte utan å blunka, «er slike som likar Torvald Tu.»

Eg hørde eit svakt klikk frå lomma hans idet han spente revolverens hane. Så sette han kroppen langsam i rørsle.




Inntil vidare,

Gonzo Johnsen

Revolverformidlar

Nasjonalt Garborgsenter



Torvald Tu var fødd i 1893, levde til 1955, og hadde tidleg bestemt seg for å bli forfattar. Det store gjennombrøtet fekk han på byrjinga av 1920-talet, med skodespel og tradisjonell lyrikk. Han var ein god rimsmed, ein dugeleg historiesnekkar og framifrå farsekokar. Som heimstavndiktar var han betydeleg. Han hadde skrive over seksti bøker og sett vakre ord på Jæren, gode komponistar hadde sett vakre tonar til orda. Songane vart framleis framført av Frelsesarmeen, samt lokale rockeband som Vind i gardhol og Månesyll og tonegull.

Dette var band John Fossmark ikkje likte. Hans eige rockeband, Trette Menn, der han utgjorde den musikalske hjernen, spelte berre Garborg-songar. I lag med bandmedlemer og assosierte medlemer hadde Fossmark òg tidlegare vore i klammeri med Tu-tilhengarar.

No var det Garborg mot Tu. Det var Arne mot Torvald.

At Garborg sine fans – dei Garborg-galne – var fleire og sterkare, hadde berre gjort dei gjenverande Tu-tilhengarane meir desperate. Og no sto to av dei mest hardbarka framfor oss. Me snakka her om dei reinaste fanatikarar. Frank og Morten Sørensen hadde ikkje eit slikt balansert syn på tilværet som eg og Fossmark. I eit lesarbrev til Jærbladet hadde dei våga å sitera Bjørnstjerne Bjørnson ved å kalla Garborg eit «hysterisk mannfolk». Dette førte til ein aggressiv debatt, om respekt og ytringsfridom, som raste på side tri i fleire veker.

Dei berykta brørne var storvaksne, tidlegare fotballspelarar, namngjetne slåsskjemper. Nokre meinte dei var nemnde i Snorre sine kongesoger; men det var berre vås, sjølvsgagt. Slike rykte var gode døme på den typen vrangforestillingar litteraturen til Torvald Tu kunne volda. Men Frank og Morten Sørensen skjønna ikkje slikt, det var difor dei hadde hamna i dette uføret. Og dei hadde god erfaring med å slåst utanfor spisestader. Ein gong hadde dei laga kvalm i køen til Guddy's bu, der dei ville kjøpa kvar sin hamburgar utan sylteagurk. I nyheitsreportasjen dagen etterpå hadde Jærbladet trykt to bilete: det eine av brørne Sørensen då dei vart henta av politiet, det andre av nokre håbuar då dei vart henta av ambulansen. For denne hendinga måtte Frank og Morten sitte inne i fire dagar. Håbuane låg på sjukehus i fire veker.

Hekkan.

Eg fraus på ryggen.

Eg la merke til muskelspelet i underarmene idet dei bytta tannpirkarar. Morten fekk Frank sin og Frank fekk Morten sin. Etterpå la dei armene i kors.

Skulle eg peika på himmelen og ropa «sjå, ein flygande elefant»? Skulle eg seia «stogg, du mista noko,» før eg lo og ropte «farten»? Skulle eg spørja kva dei hadde fått til jul i år, før eg la til at det ikkje hadde vore jul i år?

Dette var vanskeleg.

Men sjå der! Kven var det som kom syklande på fortau-
et berre femten meter unna? Dommar Heien, jo! Han var ikkje justitiarius, men hadde diplom frå Rogaland fotballkrets. Dommar Heien var fotballdommar på trettifjerde året, og brørne Sørensen var gamle fotballspelarar.

«Sjå!» ropte eg. «Haien!»

Alle kalla nemleg Heien for «Haien». Han var eit rovdyr etter slemmingar. Han elska å jekka ned råtasar. Brørne Sørensen var blitt jekka ned ukentleg. No vende dei seg vekk ifrå oss og glante hatefullt på dom-
maren. I den neste augneblinken var kysten klar. Me kunne fredeleg og uskadd gå inn døra til Kafé Garborgstova, medan brørne Sørensen sprang nedover vegen for å krangla med Heien.

«Du Haien!» hørde eg Morten Sørensen ropa. «Høyr! Eg skulle ikkje hatt raudt kort mot Varhaug den gongen!»

«Men det skulle eg!» sa Frank.



Me passerte resepsjonen til Time bibliotek og vart møtt av dagleg leiar ved Garborgstova, fransøsa Plamena

Valentin. Ho var gift med kokken Eric, også han fransk, også han ein Valentin; han sto inne på kjøkenet og helsa ut til oss. Dei dreiv Garborgstova, kalla «fransk kafé». Den hadde slått godt an i det breie lag av folket, det ville seia dei som elska Garborg, og difor var det nesten alltid fullt her.

I dag var det kø.

«Vis ho pinsen din,» kviskra Fossmark.

Så snart eg hadde vist Plamena Valentin pinsen med Garborg på – eit prov på at eg var tilsett ved Garborgsenteret – så kasta ho ut eit heilt fylgje, rydda og vaska bordet, og gav det til oss.

Eg kjende meg rett dum.

Sjølvsagt hadde eg ofte utnytta posisjonen som tilsett ved Garborgsenteret for å lura unge jenter til sengs; men at stillinga kunne utnyttast til å snika i køen på kafé og restaurant – sjå dét hadde eg ikkje tenkt på.

Dumme, dumme meg.

Me sette oss ned. Endeleg var me framme. Me hadde følgt den gamle spådomen ein heil formiddag.

Den dagen Garborg veks inn i himmelen, skal ein ny diktar koma. Når den nye diktaren kjem, skal den gamle gløymast.

Me hadde rekna oss fram til at den nye Garborg måtte vera Nils Henrik Smith eller Einar O. Risa. Me hadde nærlese «I Helheim» og funne ein profetisk setning i andreutgåva: *Ut og et! Ut og et!* Difor sat me no i Garborgstova, klare for å eta. Me rekna me at Garborg hadde ført oss hit for å syna sin onde arvtakar.

Det var vår oppgåve å uskadeleggjera han.

Brått såg eg den nyvakne sjefen min slita seg ned trappene frå Garborgsenteret. Avdelingsleiar Inger Undhjem geispa så høgt at det såg vondt ut. Eg lyfta handa til helsing.

«Er det deg, Gonzo?» sa ho grautete. Augene hennar var frykteleg smale, ho måtte ha bråvakna. «Kvifor søv du ikkje? Har du vore vaken lenge?»

«Eit par timar, berre,» sa eg. «Koss då?»

«Du må få nok søvn, veit du. Me skal jo ha arrangement i kveld.»

Hæ? Det hadde eg reint gløymt.

«Kva då?»

«Foredrag i storsalen.»

«Å faen,» sa eg. Slikt kunne dryga lenge utover kvelden. «Kven er det som skal snakka?»

Sjefen geispa atter ein gong, men ho var lynrask i å knabba stolen frå ein gamal mann då han reiste seg for å gå på do. Ho sette seg ned ved bordet vårt.

«Det var jo du som gjorde avtalen, Gonzo. Hugsar du ikkje det?»

Eg rista på hovudet.

«Det er Einar O. Risa, jo,» sa Inger Undheim.

Einar O. Risa.

Fossmark kvitna.

Einar O. Risa.

«Kva er det med dykk?» spurde Inger. «Risa er flink. Somme kallar han *den nye Garborg*.»



Inntil vidare,

Gonzo Johnsen

Revolverformidlar

Nasjonalt Garborgsenter



Eg og John Fossmark, lektor ved Bryne vidaregåande skole og lite begeistra for trønderar og paranoide, sat på Kafé Garborgstova, der me hadde ete lunsj i lag med Inger Undheim, sjefen min på Garborgsenteret. Me var sporet av den nye Garborg, han som i følge ein gamal spådom skulle koma då den gamle vaks inn i himmelen. Det siste måtte forståast som som den dagen Garborgsenteret opna dørene. Då skulle *den nye Garborg* syna seg og den gamle gløymast. Resultatet av dette ville bli at eg mista jobben på Garborgsenteret og Arne Garborg falt ut av læreplanen for den vidaregåande skulen.

Fossmark måtte læra elevane om Anne B. Ragde.

Verda vart fattigare og farlegare.

Me hadde lagt hovuda i blaut, nytta dei spora som fanst i eit gammalt portrett av dikteren etter hans død, og hadde derifrå følgd spora gjennom fyrste- og an-

dreutgåva av den profetiske diktsyklusen «I Helheim». I lag hadde me kome fram til at dei to houvdkandidatane til posisjonen som den nye Garborg var Einar O. Risa og Nils Henrik Smith.

Og no, for ein augneblink sidan, hadde Inger Undheim fortalt oss at det skulle haldast foredrag i Storsalen om berre nokre timar.

Ho reiste seg. Ho geispa og meinte det var dags for ein rykande kopp med kaffi.

«Garborgsenteret spanderar,» sa ho. «Kva vil de ha?»

«Same det,» sa kaffimisbrukaren Fossmark, «berre eg får to av det.»

Inger smilte.

«Kva med deg då, Gonzo? Du brukar vel å drikka cappuccino?»

Kva? Kjente sjefen meg så dårleg?

«Du Inger,» sa eg indignert, «du veit jo at eg alltid har vore ein skikkeleg mokka-mann!»

I neste nå hørde eg eit skikkeleg splæs, og skjøna at det som hadde splæsja hadde gjort det i andletet mitt.

Det draup frå haka mi.

Nokon hadde kasta øl på meg.

«Gonzo!» raste Fossmark.

«Kva då?»

«Du er ein *mokkamann*!»

«Men John» protesterte eg, «det er ikkje sjølve mokkamannen du skal angripa, men han som seier det. Det veit du vel?»

Eg fann ein serviett å tørka meg med.

«Skal eg ta han som seier mokkamann?» spurde Fossmark.

Eg nikka.

«Og ikkje han som er ein mokkamann?»

Eg nikka igjen.

«Og kven var dét, då?»

«Kven var kva?»

«Kven var det som sa mokkamann?»

«Det var vel... eh, det var...»

«Det, Gonzo, var *deg!*»

Han fann eit nytt glas og tømte resten over hovudet mitt.



Det syntest opplagt at den nye Garborg var Einar O. Risa. Tidlegare på dagen hadde me kome fram til at han – som måtte uskadeleggjerast før han gjorde den gamle Garborg kjedeleg og uinteressant – måtte vera ein kjend forfattar, mann, og han måtte koma ifrå Time kommune. Ettersom Jan Zahl ikkje akkurat var nokon Garborg med sine mjuke, forfengelege dandy krøller, sto me att med den høgtakta Risa og det unge stjerneskotet Nils Henrik Smith. Og no skulle altså Risa halda foredrag på Garborgsenteret.

Det var Arne Garborg sjølv som hadde leidd oss hit.

Ut og et! Ut og et!

«Det kan ikkje vera noko tilfelle,» sa Fossmark, «at dik-
taren sendar oss til Kafé Garborgstova like før Risa skal
halda foredrag!» Han slo neven i bordet. «Det kan ikkje
vera tvil om at Einar O. Risa er den nye Garborg!»



Inger kom med kaffi til oss – akkurat idet ein ung
mann steig inn gjennom døra frå parkeringsplassen.

Blikket hans møtte oss flyktig, men nok til at me kjende
han att frå diverse bokomslag. Han skunda seg bort til
resepsjonen og snakka så høgt at me hørde det:

«Er det her Risa skal halda foredrag?» spurde han.

Det var det unge diktaren Nils Henrik Smith.

Inntil vidare,

Gonzo Johnsen

Revolverformidlar

Nasjonalt Garborgsenter



Det var framleis nokre timar til Einar O. Risa skulle halda foredrag. For ei tid sidan hadde han skrive ein artikkel i Jærbladet, om den nye rockebølga med band som Månesyll og tonegull, Vind i gardhol, Kaizers Orchestra og Trette menn. Risa hadde stilt spørsmål ved låtutvalet. Av desse var det berre Kaizers som spelte eigne songar. Det mest talentfulle bandet, Trette Menn, spelte utelukkande Garborg-viser. Dette tykte eg var godt observert, og på det dåverande tidspunktet ville eg gjerne veta korleis Risa såg for seg at den jærske rockebølga burde utvikla seg.

Skulle alle skriva sitt eige låtmateriale? Var det for einsformig å berre nytta Garborg-tekstar? Kva med sampling? Kunne ein nytta utdrag frå både Garborg og Torvald Tu i ein og same song? Og kva med instrumenta då? Skulle ein nytta elektrisk gitar eller kassegitar?

Trompet eller tuba? Probass eller kontrabass? Var det framleis stuereint med piano til heavyballadar, eller burde ein friska opp med litt goth triangel innimellom? «Den er ingen radikalar,» hadde eg høyrte Fossmark seia ein gong, «som ikkje har eksperimentert med fir-kanta triangel.»

Dagens foredrag kunne dog verka litt destabiliserande på han, musikalsk drivkraft som han var i nettopp Trette Menn. På mange måtar var det litt uheldig at Risa skulle halda foredrag om dette temaet, Fossmark var jo forvirra nok frå før. For berre ein augneblink sidan, då me forsto at Risa skulle halda foredrag på Garborgsenteret, var me skråsikre på at det var han som var den nye Garborg. Einar O. Risa skulle stå fram då Garborgsenteret opna og senda den gamle meistere inn i ein skuggeheim så dunkel at sjølv mørkets spishala fyrste ville få vanskar med å finna fram.

Så hadde den lovande Nils Henrik Smith dukka opp for å høyra på foredraget. Situasjonen var blitt mindre oversiktleg. Kven var no den nye Garborg?



Me gjekk opp trappa til Garborgsenteret. Fem hundre herlege kvadratmeter openberra seg for oss. For meg som jobba der var synet nesten kjedeleg, men for Garborgs galning John Fossmark var det den åttande himmel. Og eg var ein velsigna god formidlar.

Elektrikarar, snikkarar og dataingeniørar hadde arbeidd dag og særleg natt for å få det til. På dagtid fekk



dei berre lov til å støya i lunsjen, då me på kontoret allikevel forsøkte å halda oss vakne.

Om berre nokre dagar kom kongen for å opna senteret.

Eg sette i gang med formidlinga. Her var ei TV-tønne, sa eg, der du kunne seia meininga di. Meinte du at Arne Garborg var eit geni vart du løna med ein innspelt applaus. Sa du at Kielland var eit geni, opna det seg ei falluke i golvet.

Eg peika på luka.

«Hekkan!» sa Fossmark.

Det var over tjue datamaskinar der du kunne fordjupa deg i Arne og Hulda sitt liv, litteraturen deira og livet deira. Det var ei snakkande kiste, musikalske skuffer, landets skeivaste bokhylle, lyttestolar (med m.a. Trette Menn), diktarhjul, teiknebord, filmrom, rollespel og mykje meir.

Eg peika på mykje meir.

«Sattan!» sa Fossmark.

Eg var glimrande.

«Sjå her,» sa eg. «Og der og der. Og der borte.»

«Dritbra,» sa Fossmark.

«Ja, ikkje sant,» sa eg.

Eg formidla så det lukta svidd.

«Særleg likar eg den,» sa Fossmark og peika. «Og den og den og den. Og den der.»

Eg nikka stolt. Til sist viste eg han den viktige spådomssona. Her var Haugtussa vigd stor merksemd, gjestene skulle sjølv kunne vurdera tekstutdrag opp imot ekspertane sine kommentarar. Vidare kom ein til demokratisona, der ein kunne fylgja kampen for Noregs fridom og det moderne prosjektet. I litteratursona skulle alle bøkene vera tilgjengelege. I språksona kunne ein fylgja kampen for nynorsk og midlandsnormalen og Hulda og Arne sine posisjonar som målmenn. Sona for livs- og samfunnssyn handla om Hulda sin feminisme og Arne sin Messias-idé. Sona for modernitet og tradisjon viste korleis Hulda fornya dei folkelege tradisjonar kring klede og dans, og slik gjorde dei til populære uttrykk for norskdomen.

Til slutt nådde me ei dør. Eg opna opp og ba han om å vera skikkeleg stille. Me lista oss inn i det som var Garborgsenteret sitt kontorlandskap. Og rett nok: lyset var avslått. Det minna meg om den gongen eg melde meg ut av treningssenteret. Den søknaden vart også avslått. Eg, derimot, vart då noko nedslått. No vart me oppmuntra av at sjefen snorka frå kontoret sitt. Utstillingsleiaren sat i kontorlandskapet, foroverbøygd over skrivebordet med ei stripe spytt rennande frå munn-

viken. Ein dam attmed tastaturet tyda på at ho hadde sove både lenge og tungt. Me lista oss vidare. I korridorens ende var ei dør, og nokre trapper ned til biblioteket og Garborgstova. Men på vegen passerte me nokre bokhyller til høgre, noko som opptok Fossmark. I over eit år hadde me drive bokinnsamling, slik at me kunne stilla ut eit så breitt utval av Arne og Hulda sin litteraturproduksjon som mogleg. Det var desse gamle og slitte bøkene Fossmark byrja å bla i. Då eg skulle vinka han etter meg, mumla han uforståeleg på innpust, han veifta med armane, spente nasebora og vart flammeraud i tinningane.

Han heldt den eine boka opp mot ei leselampe som nokon hadde gløymt å slå av. Eg nærma meg han, og kasta eit blikk på framsida til den gamle og slitte boka som hadde fått ligga i fred på kontoret vårt.

Det var ikkje til å tru.

Fossmark hadde funne tredjeutgåva av diktsamlinga «I Helheim».

Inntil vidare,

Gonzo Johnsen

Formidlar

Nasjonalt Garborgsenter



Me hadde funne ei bok urørt av menneskesinn. Ikkje eingong Nasjonalbiblioteket kjente eksistensen til denne; ut av hylla på Garborgsenteret hadde Fossmark, utstyrt med skjønnånd, falkeblikk og hender så mjuke at dei måtte ha fått regelmessig behandling med aloe vera, trekke ei gamal og sliten bok. Sjølv sagt var det her snakk om Arne Garborg sin oppfylgjar til klassikaren «Haugtussa», titulert «I Helheim», men mange kalla henne «Haugtussa 2». Eit meisterverk, men i alle år neglisjert. Rett nok fekk dei fleste jærbuane eit eksemplar til konfirmasjonen, men så var det då òg vanleg at den jamne konfirmant sat igjen med den store diktaren sine samla verk. At ungdomen slukte Garborg-litteratur rått og ukritisk var naturlegvis normalt for alderen, men i staden for å gå til oppfylgjaren valte dei å lesa «Haugtussa» om igjen. Dei drøymde om

å verta rike og berømte, dei ville lukkast med eit storverk og var kvilelaust på jakt etter nye spådomar. Alle skulle sjå bilete av seg sjølv i Jærbladet.

«I Helheim» si andreutgåve var så ukjent at ein måtte *spørja* etter ho i bokhandelen! Utstilt var oftast berre fyrsteutgåva. Andreutgåva låg gjerne på bakrommet, blant annanrangslitteratur som Duun og Undset. Og tredjeutgåva vart av dei fleste avfeid som eit dårleg rykte. Sjølv symbolforskarer Robert Langdon, professor ved Princeton-universitetet i USA, hadde avvist tredjeutgåvas eksistens.

Men no hadde me ho i hendene! Det var ei oppdag- ing verd millionar, kanskje milliardar. Bokas verdi ville bli avgjort av Garborg sin status som diktar. Og Garborg sin status som diktar ville bli avgjort av meg og Fossmark. Det var me som måtte syta for at han heldt stillinga som tidenes meister. Me bar nasjonens framtid på våre skuldrer. Heldigvis hadde Fossmark rygg til å bera han; både skuldrene, framtida og meg. Verken Nils Henrik Smith eller Einar O. Risa fekk innta posisjonen som den nye.

Når den nye dikteren kjem, skal den gamle gløymast.

Det var ikkje lenger berre eit spørsmål om Noregs framtid, om ungdommen, vitskapen, tryggleiken og underhaldninga.

No handla det om pengar òg. Sattan, no vart det spennande.

Noko febrilsk hadde me nærlese boka i timane fram til foredraget. Musestille, for ikkje å vekka utstillings-

leiaren, saumfarte me diktsamlinga på jakt etter spådomar. Og rett nok, på same staden som i andreutgåva, midt på side 95, hadde dikteren gjort mystiske endringar. Der, etter ein allusjon til Arne Garborg sitt psevdonym Alf Buestreng, var andreutgåvas tidlegmodernistiske og Obstfelder-inspirerte *Ut og et! Ut og et!* bytta ut med noko meir tradisjonelt:

*Han som liknar aller mest
er kje å rekna som Folke flest.*

Dette var eintydig. Noko som i seg sjølv var banebrytande enkelt i den modernistiske tradisjonen. Ein lyrikar som Olav H. Hauge ville ha blitt slått i bakken av Garborgs diktarmot.

Verselinja tydde sjølv sagt at ein av kandidatane ville avsløra seg som særleg Garborg-lik.

Han som liknar aller mest.

Og no var timen komen. Begge kandidatane skulle samlast i same rommet. Hadde eg ikkje visst betre, så kunne eg ha trudd det var ein roman av Agatha Christie. Risa skulle halda foredrag, Smith ville høyra på.

Kven av dei var det som likna *mest*?

Når Garborg fyrst hadde ført oss så langt, ja nærast konstruert ein slik drøymesituasjon for oss, då rekna me med at den uskuldig skuldige – han som var så talentfull at han ville bli ein ny Garborg – kom til å avsløra seg. Alt me hadde å gjera, var å fylgja nøye med. Garborg-likskap var sikkert vanskeleg å skjula.

«Men John,» sa eg, «du skal vel kje berre plaffa han ned?»

«Gonzo,» sa Fossmark og la armen venleg på skuldra mi. Eg kjende godhugen strøyme igjennom meg, ryggmargen vart heit som ein colaklunk i sola bak eit jagerfly som tok av frå Sola flyplass. «Eg har ein plan, Gonzo.»

Eg lytta.



«**Det er berre eitt problem,**» avslutta han. «Det er så jækligt vanskeleg å plaffa folk ned når det er skikkeleg mørkt.»

Eg nikka forståingsfullt medan Fossmark gjorde nokre utfall med revolvaren. Me sto framleis i Garborgsenteret sin dunkle kontorkorridor, og me våga ikkje å slå på lyset sidan utstillingsleiaren skulle sova. Fossmark hadde tydelege problem med å halda balansen.

«Eg skaut i mørkre ein gong eg var svolten,» sa han.

«Kva då?» spurde eg. «Drap du nokon?»

«Trur du eg drep folk i tide og utide, du? Å nei, eg bomma noko grassat. Det var mørkt, ser du. Eg skaut hol i eit opent vindauge. Og det var faen kje lite heller, verken vindauget eller holet. Rett ut i himmelen fór kula. Det må vera det dei kallar eit stjerneskot, trur eg.»

«Kven sikta du på?»

«Gudrun.»

«Ho i kassa på Kiwi? Men ho er jo skikkeleg grei!»

«Trur du eg bit handa til den som fôrar meg?

Gudrun var ei sugge, sjølvsagt; stor og feit som ein rigg i Gandsfjorden.»

«Ein gris? Kvifor skaut du ein gris?»

«Eg var svolten, sa eg jo. Dessutan skaut eg henne ikkje, eg bomma jo. Eg var svimmel av svolt, det var mørkt og eg hadde slik brennande lyst på egg og bacon. Gjerne på ei seng av kneippbrød med kjøleskåpstemperert plantemargarin, bordsalt utan jod og meksikansk ketsjup frå glasflaske. Eg kjente odøren av brent flesk langt inni samvitet, skal eg seia deg.»

«Så då vart det egg og bacon utan bacon då.» Eg flirte. «Berre egg». No hiksta eg ukontrollert. Ingen skulle seia at eg ikkje var morosam når eg berre ville.

«Hadde kje Garborgsenteret vore så heilagt, så skulle eg ha dengt deg!»

Han lyfta meg opp etter kragen.



«Sanninga,» sa han, og rista meg hardt, «er at eg bomma på egget òg. Til slutt sat eg der utan egg og bacon. Eit måltid av kneippbrød med salt og ketsjup er

faen kje å anbefala. Det er noko tynt, tykkjer eg. Særleg i lengda. Eg åt mykje skit av den sorten då eg var student i Trondheim.»

Han sette meg ned att.

«Eg var ofte svolten i Trøndelag. Det er faen meg sant og visst.»

«Fortell heller om planen din, John» sa eg. «Ver så snill.»

Eg henta nokre kjeks til han. Så tok han heile planen om igjen, frå fyrstninga til slutten. Og, herregud, for ein gysla god plan det var!

Inntil vidare,

Gonzo Johnsen

Revolverformidlar

Nasjonalt Garborgsenter



Gunhild Hammeraas, utstillingsleiar på Garborgsenteret, hadde sove sidan ho kom på jobb om morgonen og var endeleg utkvilt. Ho sprang att og fram for å henta stolar og bord, ho flytta på dukar og kaffikoppar, ho viste pensjonistar ledige sete med lett tilgjenge. Sje-fen vår, ho Inger Undheim, bivåna det heile. Med nasen i sky spankulerte ho i ring og peika og kommanderte, så Gunhild vart reint sliten. Sjølv gøynte eg meg bak døra, gløtta berre fram når eg trudde det var trygt.

Jorunn Osland, Garborgsenteret sin pedagog, hadde mammapermisjon og sto på gangen med mor si. Ho song bånsull og gynga på rullestolen, att og fram, att og fram, for å få den sure, gamle mora til å sovna. «Mjølkk,» hveste gamla – og ein augneblink var eg livredd Jorunn skulle ta fram puppen, men det gjorde ho sjølv sagt ikkje. Ho tømte morsmjølkerstatning i eit

tefat og serverte med ein kamferdrops. Etterpå let ho mora få sutta på eit lommetørklede.

I fylgje ein gamal spådom skulle den nye Garborg koma då den gamle voks inn i himmelen. Dette måtte tolkast som den dagen Garborgsenteret sin utstilling skulle opna. Den dagen nærma seg. Inntil vidare måtte me nøya oss med å arrangera opplesingar og foredrag.

Ved hjelp av ufeilbarleg logikk hadde John Fossmark og eg forstått det slik at *den nye Garborg* måtte vera hannkjønn, ein kjend forfattar og timebu. Han kunne ikkje ha krøller som Jan Zahl. Undersøkingar hadde gjeve oss to moglegheiter: Einar O. Risa eller Nils Henrik Smith.

I tredjeutgåva av «I Helheim» hadde me funne profetien *Han som liknar aller mest / er kje å rekna som Folke flest*. Dette prova at den nye Garborg måtte vera den som likna mest på originalen. Ettersom me no hadde begge kandidatane samla i Storsalen, rekna me med at ein av dei ville avsløra seg. Den nye Garborg måtte uskadeleggjerast. Viss ikkje, kunne den nye diktarens torleik overskugga Garborg. Konsekvensane ville bli grusomme. Garborgsenteret kunne bli nedlagt. Eg kom til å mista jobben. Meisterverk som «Fred» og «Haugtussa» vart fjerna frå læreplanen; og Fossmark, som var norsklærer, måtte læra ungdomen om åndsamøbar. Særleg frykta han det å snakka om Anne B. Ragde.

Store ting sto på spel. Heldigvis var det smarte karar på saka. En tenkjer her på meg sjølv og John Fossmark.



Kring åtti menneske hadde møtt opp. Av dei var minst ti bibliotekarar frå Time bibliotek. Dei hadde teke den lange turen opp trappa frå etasjen under. Dei vrei seg i stolane, det var tydeleg forventningar til foredragshaldaren sin budskap. Temaet var lokalrockens framtid. Ein av dei som sannsynlegvis ville bli omtalt, var Fossmark sjølv. Han var frontfigur i Trette Menn, eit rockeband som berre framførte Garborg-tekstar. Som eit ledd i planen vår hadde han sett seg bakarst. Så snart me skjøna kven *den nye Garborg* var, skulle eg slå av lyset. Det som skjedde etterpå skulle eg ikkje bekymre meg over, men eg måtte lova å baka kake med baufil om han vart arrestert.

Blant tilhøyrarane hadde eg observert to av byens politimenn. Dei var rett nok i sivil, men ikkje å ta feil av. Leif Rune Salte og Jan Terje Strand var sterke karar, og overlag interesserte i lokalrock. Salte var tidlegare landslagsback i fotball, han likte å stogga tjuvar med krokfot. Strand hadde berre spelt på det lokale fotballaget og brukte å krangla med tjuvane, lenge lenge, heilt til han vart bytta ut med forsterkningar – vanlegvis Salte – som sette krokfot på dei. Begge hadde fått gult kort av dommar Heien og lika han dårleg. Dei kjente brørne Sørensen òg.

Endeleg: Einar O. Risa skreid langsamt fram frå skuggen i tøfler.

Han kremta og det vart stille i salen. Nils Henrik Smith, som sat aleine på fyrste rad, såg opp frå notis-





blokka si. Risa stilte seg ved talarstolen. Han lyfta si skjeggprydde hake og såg utover dei frammøtte. Han blunka langsamt, ikkje utan diktarisk autoritet. Han snudde seg halvvegs med grasiøse rørsler, han såg på storskjermen, nikka anerkjennande idet powerpointen fungerte som han skulle; han såg utover salen att. Alle glodde tilbake med halvopne munnar. Noko sikkell rann frå munnviken til ho i rullestolen, men det var berre fordi ho sov. Risa drakk ein slurk vatn med agurksmak.

Fossmark sat i vakumpakka tystnad. Han fulgte kvar rørsle, kvart andedrag Risa tok. Kom det ei avsløring? Nei. Fossmark flytta blikket ned til fyrste rad. Der kunne han sjå ryggen og bakhovudet til den talentfulle Nils Henrik Smith, vinnar av Tarjei Vesaas' debutpris. Var *Smith* den nye Garborg?

*Den som liknar aller mest
er kje å rekna som Folke flest.*

Inntil vidare haldt eg meg i hjørnet ved døra, ved lysbrytaren. Det var ein del av Fossmark sin plan.

Brått hørde eg ein lyd og såg ei rørsle til høgre; nokon dunka på det vesle vindaug i døra. Eg tok eit steg til sides og let dei opna. Dette gjorde dei sjølvviskert, som om dei aldri gjorde noko anna enn å opna dører. Tri lange menn kom inn. Den eine høgare enn den andre, den tredje kortare enn den fyrste. Han som leia an hadde svarte, intellektuelle klede, den neste hadde svarte, intellektuelle klede og den siste hadde svarte klede som såg intellektuelle ut. Med nærare ettertanke var dei kledd nokså likt.

Det som skilde dei var tredjemannens notisblokk og penn det sto *Stavanger Aftenblad* på. Han bøygde seg venleg ned mot meg og spurde:

«Er det her det er foredrag?»

Eg tok på meg ein alvorleg mine. Eg nikka bestemt. Ikkje berre tilhørte eg vertskapet, eg var i ferd med å redde Garborgsenterets framtid òg. At politi og presse var til stades i museets skjebnetime var ikkje meir enn ein kunne forventa. Dessutan hadde jo dikteren Einar O. Risa, forfattar av firebindstrilogien «M. Kanne & Søn», eit namn så stort at det ikkje berre inneheldt initialar, men dugde til å selja aviser òg. Foredraga hans måtte dekkast. Eg studerte journalisten der han gjekk over golvet; det var noko kjent med han. Han var kortklipt, snauklipt, nesten skamklipt. Ikkje ein tust sto ut frå skallen hans. Venane hans kjende eg frå aviser og fjernsyn: dei spelte i Kaizers Orchestra, eit av dei få lokale banda som ikkje spelte Garborg- eller Tu-songar. Mange tykte dei gjekk over streken med slikt, og artistane hungre nok etter støtte frå foredragshaldaren. At dei var talentfulle visste alle; kanskje kunne dei ha

blitt like flinke som Trette Menn òg – hadde dei slutta å spela playback på øving, berre.

Journalisten var snau på håret som Garborg. Han hadde munnskjegg òg. «Det var då faen til likskap,» kviskra eg til meg sjølv.

Herregud –

Eg tok eit steg bakover.

- *journalisten var Jan Zahl!*

Ufråverande dunka eg albogen i veggen – og traff lysbrytaren. Mørkret tok oss med stum kraft. I same sekundet som den tidlegare dandyen Jan Zahl skulle til å setta seg ved Nils Henrik Smith for å høyra på Einar O. Risa, smalt det valdsamt frå ein revolver.

Inntil vidare,

Gonzo Johnsen

Revolverformidlar

Nasjonalt Garborgsenter



Eg og Fossmark sto i kontorkorridoren på Garborgsenteret. Me gøymte oss på den andre sida av døra, berre nokre centimeter frå Storsalen. Der inne låg eit lik på golvet.

Fossmark hadde hatt ein plan. Garborgsenteret arrangerte eit foredrag av Einar O. Risa, ein av kandidatane til å verta *den nye Garborg*. Blant publikum sat den andre kandidaten, Nils Henrik Smith.

Den dagen Garborg veks inn i himmelen, skal ein ny diktar koma.

Når den nye diktaren kjem, skal den gamle gløymast.

Like før Risa skulle begynna, kom ein tredje kandidat inn døra. Jan Zahl hadde hatt krøller, men teke til vitet og klypt seg. Når han attpåtil hadde prydd andletet sitt

med dekadent munnskjegg, likna han Arne Garborg så mykje at eg kom borti lysbrytaren i vanvare. To skot hadde lydt. Då lyset kom på igjen, var det heilt stille i salen. Folk hadde bøygte seg framåt og dekt hovuda sine med hendene. Midt på golvet, mellom foredrags-haldaren og publikum, låg Jan Zahl. Han var steindød. Han hadde ikkjerekt å setta seg eingong. Kula hadde gått tvers gjennom hovudet hans. Han hadde skrive si siste bok, sin siste artikkel. John Fossmark hadde uskadeleggjort den nye Garborg.

«Men John,» kviskra eg med ryggen mot døra, «eg hørde to skot.»

«Det var mørkt,» svarte Fossmark, «vanskeleg å sikta, veit du. Det fyrste skotet gjekk gjennom vindauget.»

«Kor?»

«Opp mot himmelen, Gonzo. Eit skikkeleg stjerne-skot, eg er god på dei. Før det andre skotet gjorde eg ein lynrask vri. Eg sikta på spegelbiletet.»

«Det er ikkje nokon spegel i Storsalen.»

«Zahl reflekterte i vindauget, ser du.»

«Det var mørkt, jo.»

«Eg bomma akkurat passeleg. Traff han midt i hovudet.»

Etter ein augneblinks tystnad, hadde eit svare leven følgd. Åtti besøkande fekk panikk samstundes. Det var utstillingsleiaren sin feil. «liiiiik!» hylte ho. Ho hadde alltid vore ei skikkeleg pyse. Eg hadde jult ho opp eit par gongar på jobb, og då gjekk ho rett til sjefen. Etter kvart var eg blitt litt skeptisk til dei to der. No hylte ho og peikte på liket og den vesle, uskuldige bloddam-

men som berre så vidt samla seg under snauskallen hans. Zahl hadde jammen ikkje tolt mykje, men slik var det vel med kunstnarar. Dei var så kjenslege. Synet var rett nok slik at det påverka oss alle. Panikken tok oss. Meg òg. Ja, meg tok panikken noko skikkeleg. Eg gløymte at drapet var planlagt, iallfall delvis; at eg var medverkande, delvis friviljug – og let meg riva med i det ukontrollerte dragsuget av skrik og skråll og piling att og fram, rundt og rundt. Alle saman heldt me oss for øyrene og sprang i ring med samanknipne auger og hylte og bar oss og eg veit ikkje kva. Særleg eg visste ikkje kva. Panikken min var heil og fullstendig. Særleg fullstendig. I villelse tråkka eg på Zahl fleire gongar; men det var ikkje meininga, eg lovar.

Eg ynskjer med dette å be om orsak til Jan Zahl sin familie. Særleg til broren Geir, som var til stades og såg det heile; og som truga med knyttneven om eg ikkje beklaga på skikkeleg vis.

Vel, Geir, no har eg gjort det. Ver så snill, ikkje deng meg.

Medan me sprang der i Storsalen, att og fram, gjekk fylgjande opp for meg: eg var blitt kvinne. Eg levde ut naturen i meg. Eg gjorde irrasjonelle ting. Eg, som elles var så samla og kontrollert, gjekk opp på ein stol og hylte. Eg klarte nesten ikkje å tenkja på anna enn mus. «Hjelp, det er mus her,» tenkte eg. «Hjelp hjelp, det er mus. Og edderkoppar. Og ormar. Og skumle menner. Hjelp.»

Stol aldri på ein mann.

Dei er berre ute etter éin ting.

Dei er kalde og bereknande som sno ein vintermorgon.

For hadde det no eigentleg vore naudsynt å drepa den skjønne Zahl? Han var jo så fin på håret (her hadde eg gløymt at han var snauklipt, eit tydeleg prov på at eg ikkje var meg sjølv). Kunne eg ikkje ha greidd meg utan jobb ei stund? Eg kunne jo ha gått på gata, slik som dei stakkars austeuropearane. Eg kunne ha solgt meg. Politibetjentane visste sikkert kor det var marknad for ein slik som meg. Å, politiane! Strand og Salte! Dei såg så sterke ut. Eg kasta på håret, eg børsta meg på skuldrene, eg fekk knekk i handleddet og blunka noko kolossalt. Herregud som eg blunka. Eg kunne nesten ikkje sjå nokonting, så mykje blunka eg. Men trur du at dei tykte eg var attraktiv?

Nei. Dei snakka berre med sjefen min, den flyfilla.



Bakarst, og øvst i amfiet, hadde mordaren sjølv stått breibeint og med armane i kors. John Fossmark hadde vore ute ein vinterdag før. Allereie i oktober hadde han brukt stillongs. Han hadde ein rykande revolver i den eine handa, og andletet var sort av kruttslam. Det var umogleg å nekta for at han var skikkeleg tøff. Politibetjentane snudde seg mot han, noko som ikkje lova bra med tanke på planen vår.

Me hadde nemleg planlagt at me ikkje skulle bli arresterte.

Det var Fossmark sin idé. Med nærmare ettertanke var alle ideane hans.

Fossmark hadde verkeleg fortent litt støtte på dette

tidspunktet, der han sto med revolveren i hendene og kruttslam i andletet.. Nokon burde ha ropt at han var uskuldig, at det ikkje var han, «det var ikkje han, det var ikkje han». Dei kunne ha skulda på henne i rullestolen. «Ho var det! Ho var det!» Ho hadde ikkje kunna forsvare seg. I det minste burde Fossmark ha fått eit klapp på skuldra av nokon.



Men ingen gjorde noko for John Fossmark. Eg hadde stirt sint ut over salen. Tenk at eg delte sal med slike rygglause svikarar! Tenk at så mange brydde seg så lite om den musikalske hjernen i Trette Menn, han som var skikkeleg oppteken av litteratur! Det var like før eg greip inn og gav han den nødvendige støtta.

Det var på dette tidspunktet dommar Heien hadde gjort entre.

«Kva var det Haien skulle?» spurde eg Fossmark. Me sto framleis ute i den mørke kontorkorridoren.

«Brørne Sørensen hadde plaga han heile ettermiddagen og no ville han melda dei. Då nytta eg høvet og sprang ut her.»

«Og så drog du med meg,» sa eg.

Me klinte øyrene inntil døra og lytta.

«*Fossmark!?*» sa politiane i Storsalen. «Kor vart det av Fossmark?»

Eg skulle eg til å ropa «her», men så hørde me: «Og *formidlaren?*» «Kor vart det av *formidlaren?*»

Eg tidde.

«Er formidlaren medskuldig?» spurde politibetjent Strand. «Ja,» svarte politibetjent Salte. «Eg har lest på garborg.no at han kallar seg *revolverformidlar!*»

Me lista oss gjennom korridoren. I den andre enden nådde me den kvite døra til utstillingslokalet og Høg-uset. Eg trykte på klinken, men ingenting skjedde. Døra var låst. Den som aldri hadde vore låst før! Eg fann nykkelen i lomma, stakk han i holet og vreid.

Det gjekk ikkje.

Eg prøvde igjen. Det gjekk ikkje.

«Det var som berre faen,» sa eg. «Det er låst, John.»

«Herregud!» sa Fossmark. «Du jobbar jo på Garborgsenteret; du er revolverformidlar, det er klart du har ein nykkel som passar.»



Eg såg trist på han.

«Kva er det, Gonzo?»

Det dunka fælt i døra bak oss, den til Storsalen. Dei var på sporet av oss no.

«Det er noko eg må seia deg, John.»

«Kva *då?* Har du kje dei rette nyklane?»

«Nei!» hiksta eg gjennom tårefallet, «eg er berre ein vikar!»

Inntil vidare,

Gonzo Johnsen

Berre ein vikar

Nasjonalt Garborgsenter



Politibetjentane Strand og Salte sprang nedover Garborgsenterets kontorkorridor. Dei var i sivil – men hadde tunge skor, og steg så kraftfulle at det rista støvet av gamle bøker. Heldigvis før dei rett forbi oss, stogga fyrst ved den kvite døra i enden av gangen, den som leia til utstillingslokalet og Høghuset. Eg og Fossmark kikka forsiktig ut i mørkret. Me hadde gøymt oss på kontoret til Inger Undheim, sjefen min; men dukka snøgt, då ho kom halsande etter for å låsa opp for dei.

Politiane sprang vidare, og ho Inger gjekk hurtig tilbake til Storsalen. Ho måtte vel roa publikum som hadde vore vitne til drapet på Jan Zahl.

Heldigvis hadde ho gløymt å låsa kontoret, og me var nok trygge der ei stund til. Men å koma seg vekk, det kunne bli vanskeleg.

«Kva gjer me no?» spurde eg. «Korleis kjem me oss ut av *dette*?»

John Fossmark, nordist og skarp musikar i rockebandet Trette Menn, hadde svaret.

«Me går til Garborg,» sa han roleg.

Han fann fram igjen tredjeutgåva av «I Helheim», diktsamlinga som med sitt profetiske *Den som liknar aller mest / er kje å rekna som Folke flest* hadde leia oss til forfattaren Jan Zahl. Han kom rett frå frisøren og likna Arne Garborg noko grueleg, med nystussa munnskjegg og snauklipt skalle. Fylgjeleg hadde me uskadeleggjort Zahl på moderne vis. Fossmark plaffa han rett ned framfor åtti menneske og ei dame i rullestol som sugte på kamferdrops. Så stakk me. Fossmark og eg rømde ut av Storsalen og inn i kontorkorridoren. Før politiet fekk summa seg, hadde me gøymt oss på kontoret til Inger.

Eg såg meg rundt. Eg hadde aldri vore her før. Rett nok hadde eg skrivebordet mitt like på utsida, i korridoren; men ho Inger hadde alltid sagt eg måtte halda meg der ute, nyta ein god dags søvn og ikkje forstyrre henne i snorkinga. Og snorkelydane frå kontoret hadde då alltid vore høge. Lyden var mest som ei during; både tiltalande og søvndyssande, ja somme dagar seksuelt opphissande.

Siklinga til utstillingsleiaren tiltalte meg atskilleg mindre.

Eg kjente på Inger sin stol. Å gud, det var plysj. Eg elska plysj. Plysj var plysj, ferdig med det. Andre ting var andre ting. Å, gjett om sjefen min koste seg i ein stol av smakfull beige plysj. Med slitesterkt kenguruskinn på utsette stader. Han hadde sidelengs hovudstøtte òg, i tillegg til at ryggstøet kunne leggest heilt

ned. Eg prøvde. Det var herleg! Då eg inntok horisontalen, hørdest eit klikk; og brått kvilte dei slitne føtene mine på ein elektrisk fotskammel med anklemassasje! Ein radio slo seg på og eg hørde svak og roleg, men vakker, musikk. Mozart! Beethoven! Trette Menn! Det var mest så eg ikkje ville sova likevel; eg ville lytta, lytta, lytta til den vakre musikken.

Brått hørde eg eit nytt klikk. Musikken slo seg av. Ut av høgtalarane kom snorkelydane eg kjende så godt. Eg vart rasande! Hadde ho lurt meg heile tida? Lèt sjefen min som om ho sov, og så sat ho berre her og arbeidde?

Hørde eg riktig godt etter, kunne eg høyra ei svak, men skarp kvesing oppå snorkinga. Det var sjefen si stemme, ho var rett sinna. «Kenneth!» kveste ho, «Kenneth! Gje deg med den snorkinga. Kenneth!»

Eg var sjokkert.

Var det snorkinga til mannen hennar som alltid hadde vore så pirrande?

Dette var eg nøydd til å legga bak meg.

Eg såg på Fossmark, men han var framleis oppteken med å studera «I Helheim».

Eg opna skuffene, og kva fann eg? Masse arbeid! Ho Inger arbeidde kvar dag, ho! Dokument underskrive denne veka avslørte at ho hadde vore i kontakt med Mediafarm om utstillinga, Arkidea om dekoren, IKEA om butikkinventar, Kondomeriet om ... ja, det var privat. Heldigvis. Ho hadde kontakta fleire forlag om å utgi Hulda Garborg sine samla komediar; ja, ho hadde byrja på eit forord òg. Og ho hadde sendt ut brev med forespørslar om økonomisk støtte til alle bedriftene på

Jæren, ho hadde sett kaffikoppen i oppvaskmaskinen, ho hadde vore i kontakt med kongehuset vedrørende deltaking under opningsseremonien.

Til dette siste brevet hadde ho fått eit svar. Eg las:

Kjære Inger!

Takk for sist. Det var hyggelig å besøke deg på kontoret ditt. Synd jeg ikke fikk hilse på kollegene dine, men som du sa, de sov så godt. Særlig utstillingslederen var søt når hun sov. Vikaren bør du kvitte deg med.

Vi ses på åpningsdagen. Det ser jeg frem til.

Harald R.

PS! Sonja pilsen hilser

Hæ? Var eg mindre tiltalende enn utstillingsleiaren, ho som sikla? Nei, veit du kva! Og han som skulle vera konge for alle nordmenn. Dette viste berre ein ting: kongen hadde ikkje greie på mannfolk. Han hadde sikkert ikkje lese «Mannfolk» eingong. Som Garborg var eg sjølvstøtt republikanar.

Eg såg på Fossmark, men han var framleis oppslukt av diktsamlinga «I Helheim». Sjølv kjende eg at situasjonen var under ein slags kontroll. Rett nok var politiet etter oss, og anklagde oss for mord – noko me utvilsamt var skuldige i, særleg Fossmark – men me hadde gjort det for ei god sak. At me knerta Jan Zahl, på aller mest kaldblodige vis, var noko ettertida ville takka oss for. Me hadde redda Garborgsenteret, me hadde



Det kgl. norske skuff

Harald R. - "AR for Sonja" -

Kjære Inger!

Takk for sist! Det var hyggelig å besøke deg på kontoret ditt.

Synd jeg ikke fikk hilse på kollegene dine, men som du sa, de sov så godt. Særlig utstillingslederen var søt når hun sov. Vikaren må du kvitte deg med.

Da ses vi på åpningsdagen. Det ser jeg frem til.

Moh
Harald R

PS! Sonja ~~hilser~~ hilser.

berga læreplanen for den vidaregåande skulen, me hadde auka den økonomiske verdien til tredjeutgåva av «I Helheim».

Eg kjende meg trygg på at me snart vart feira som heltar.

Medan eg venta på dette, kikte eg meg rundt om i rommet. Det var mykje ein ikkje kunne sjå gjennom vindauget frå korridoren. To esker med påfuglkjolar, til dømes - sjefen min hadde alltid lika påfuglar - og fire utstoppa påfuglungar i sundagsklede.

Sjølvsagt sto det ei bokhylle her òg, stappfull av bøker. Og ikkje berre Arne og Hulda sine, slik ein kanskje skulle tru; nei, her sto klassikarar som Tarjei Vesaas' «Påfuglane», Jack Kerouacs «Påfugl-kjøret», Olaug Nilssens «Få meg på, fuglefaen!»

På veggjen hang eit bilete av Hulda Garborg med bunad og påfuglhatt. Eit til av Hulda, i solnedgang. Eit av gråtande Tuften. Over desse hang eit stort måleri av Arne Garborg i nettoen. Eg såg nærare på det. Ein måtte faktisk gå heilt inntil for å sjå noko. Aha! Ein forfalskning. Biletet var signert Ivan Storm-Juliussen, ein etterkomar av mannen som fann Fossmark sitt bilete under andre verdskrigen.

Eg såg på Fossmark att, og denne gongen kikte han tilbake. Han kviskra hest:

«Sjå, Gonzo.»

Eg reiste meg frå den herlege stolen. Ja eg hadde ikkje nokon som helst form for ubehag i baken då eg sette meg på huk ved sida av Fossmark. «I Helheim» låg framleis oppslått i fanget hans. Han viste meg den velkjende setninga på midten av side 95:

*Den som liknar aller mest
er kje å rekna som Folke flest.*

«Me las ikkje langt nok førre gongen,» sa han. «Sjå der.»

Han peika på den neste setninga. Eg las ho. Eg las ho to gonger. Eg las ho tri gonger. Eg gnei meg i augo. Det me hadde gått glipp av fyrste gongen, var:

*Sel eller Kval
rett eller gal
Den nye Garborg er ikkje Jan Zahl.*

*Inntil vidare,
Gonzo Johnsen
Vikar
Nasjonalt Garborgsenter*



Sel eller Kval

rett eller gal

Den nye Garborg er ikkje Jan Zahl.

Eg, ein vikar på Garborgsenteret, og John Fossmark, ein kaldblodig mordar, hadde gøymt oss på kontoret til sjefen min, Inger Undheim, Garborg-ekspert og påfuglelskar. To politiar var på leiting etter oss, men ingen ville koma på å kikka inn her.

«Det var då jækkligt til profetisk presisjon,» sa eg til Fossmark då spådomen hadde fått synka litt. «Tenk at Garborg for nitti år sidan visste at det ville koma ein forfattar med namnet Jan Zahl.»

«Garborg var jo eit geni,» forklarte Fossmark, «dei profetiske evnene hans vart dokumentert allereie i niårsalderen. Då sa han - og dette fanst det fleire

vitne på – at naboen sin katt ville døy. Og det stemte. Ein gong døydde katten.»

Eg hørde nesten ikkje etter. Det Fossmark sa, var kjedeleg. Eg sat nemleg i sjefen sin gode stol. Den var i plysj og kenguruskin, med vibrerande fotskammel og sidelengs hovudstøtte. Ut av høgtalarane strømma behagelege snorkelydar. Eg gjekk inn på administrasjonssidene til garborg.no og byrja å skriva på ein artikkel. «Kva gjer du?» spurde Fossmark, framleis skuffa over at me hadde knerta feil ny Garborg.

«Skriv på episode 16,» svarte eg.

«Han er ikkje så aller verst, den artikkelserien din, men eg tykkjer du er noko slepphendt med sanninga. Til dømes karikerer du for mykje. I ein av dei fyrste episodane skreiv du at eg alltid gjekk i Garborg-supportarutstyr, dette er ikkje rett. Eg hadde berre pynta meg for anledninga, eg visste jo at du kom på besøk og ville gjera stas på deg. Du var jo utsendt ifrå Garborgsenteret. Og den greia med kaffikoppene var noko urettvis, tykte eg. Eg hadde blanda konjakk i dei koppene der, og det hadde du allereie sagt nei takk til.»

Han sette lommelerka til truten. Eg orsaka meg med at eg måtte skriva så rasande fort.

«Oftast skriv eg på telefonen,» sa eg; «medan me er ute og går, på flukt ifrå politiet, og slikt.»

«Jau jau,» sa Fossmark, «men når eg skriv, då tek eg meg tid til å gjera det skikkeleg. Når eg til dømes skriv eit av mine mange lesarbrev til Jærbladet – og dei er ikkje akkurat dårlege, om eg får seia det sjølv – så tek eg arbeidet alvorleg. Eg kan gå kvilelaust rundt i leilegheita og grunna. Skal eg bruka plus-

kvamperfektum eller preteritum? Gje inntrykk av å vera tilbakeskodande eller i nået. Nærleik eller frampeik? Korte eller lange setningar? Flyt eller rocknroll? Subjektivitet eller olympisk perspektiv? Mange eller få adjektiv? Stort eller lite ordforråd? Ironi eller overberenheit? Slike vurderingar er ikkje lette, Gonzo, men dei må gjerast.»

Eg kunne ikkje nekta for at haldninga hans gjorde meg ørlite sur. Ikkje så mykje, men faen heller. Det der hadde det verkeleg ikkje vore naudsynt av Fossmark å seia! For ein sann jævel han var. I helvete! Eg var jo ein racer til å skriva, det var difor eg hadde fått dette vikariatet. Eg var nordisk meister i oppnedskriving, jo! Eg kunne skriva i allslags positurar, ofte utan tastefeil.

Eg hemna meg på Fossmark ved å skriva at han var ein dass. Og ikkje berre det, eg la til at eg dreit i han òg.

Eg skreiv det inn i overskrifta.

Så lot eg som ingenting og:

«Kven tek me no då? Smith eller Risa?»

Me måtte jo framleis finna og uskadeleggjera den nye Garborg. Elles ville eg mista vikariatet på Garborgsenteret, Fossmark ville måtta læra elevane sine om åndsamøbar frå Trøndelag, og tredjeutgåva av «I Helheim» ville falla i verdi. No var det berre dagar igjen til Garborgsenteret skulle opna, me begynte å få dårleg tid.

«Me kan iallfall kje plaffa ned fleire,» sa Fossmark og snurra revolveren i handflata si. «Politiet kan ta oss.»

«Kjem me oss herifrå i det heile tatt, då?» spurde eg frustrert. Eg reiste meg og sparka i øskjene som sto på golvet. Påfuglkjolar og påfugljumprar, eg visste ikkje

kva, spratt ut gjennom revnene og vart liggande ut over golvet.

«Sjå!» utbrøyt Fossmark. «Mustasjar!»

Ho Inger hadde jo jobba medan me andre sov – og så hadde ho bestilt Garborg-bartar frå morofabrikken – slike me kunne selja som suvenirar. Eg såg nøyare på dei.



Kr 28,- Made in Thailand.

Eg tok ein av dei på meg. Fossmark òg. Det var berre å riva beskyttelsespapiret av, og så klistra barten seg til overleppa. Latteren bobla i meg, ja til slutt klarte eg ikkje å stå imot; eg bobla over, latterspruten sto som eit vulkanutbrot ut av nebbet mitt.

Me likna på Arne Garborg, begge to!

Opp frå ei anna eske fiska me fram to store kvin-
neparykkar. Hulda sto det inni dei.

Kr 299,- Made in Frøyland.

Me tok på oss kvar sin. Dinest bytta me og hadde kvar vår. Med bart og kvinnehår var me herr og fru Garborg. Ja, både han og både meg; me hadde jo bart og kvinnehår, begge to. Me var diktaren og målmannen, dramatikaren og politikaren, danserinna og norsksdomsforkjemparen.

Etter ei stund tok me parykkane av oss, men bartane beholdt me på. Med dei kunne me snika oss ut, ingen ville kjenna oss att.



Ute på Atriumsplassen heldt me på å le oss i hjel. Politiane Strand og Salte hadde stogga oss i trappa, men berre for å spørja om me hadde sett Johnsen og Fossmark. Ein augneblink hadde dei vorte noko skeptiske, iallfall Strand; men Salte sa at viss me ikkje hadde hatt bartar, så skulle han ha arrestert oss.

Me kniste.

«Ja ja,» sa eg, «eg får gå heim og sova. Eg fekk lite søvn på jobben i dag.»

«Eg òg,» sa Fossmark.

«Men John,» sa eg, «du har jo hatt fri heile dagen. Ein treng kje å sova då. Og kvifor var du kje på jobb, forresten, du som er lærar?»

«Du veit jo det, Gonzo,» svarte han, «at eg er fritenkjar. Så i dag tenkte eg at eg skulle ha fri. God natt.»


«God natt,» sa eg, men då var allereie Fossmark forsvunnen i nattemørkret.

Inntil vidare,

Gonzo Johnsen

Med bart

Nasjonalt Garborgsenter



Då telefonen ringte hadde eg akkurat sovna. Min fyrste tanke var at det var Fossmark. Den neste var at det berre fekk ringa, slik at eg kunne sova vidare. Dinest slo det meg at det kunne verka mistenkeleg at eg gjekk rundt med min eigen telefon, folk kunne jo tru at eg var meg – eller i det minste at eg hadde kontakt med meg. Trass alt var eg ettersøkt for mord.

Utstillingsleiaren, ho som hadde plassen ved sida av min, sov som eit lite barn. Ho var tydelegvis heilt utslått etter gårsdagens hendingar i Storsalen, der eg og John Fossmark hadde årsaka det brutale drapet på journalisten og forfattaren Jan Zahl.

Eg må her få skyta inn at det heile var Zahl si eiga skuld. Han hadde vore hjå frisøren og klypt seg – på eit tidspunkt han ikkje burde ha gjort det. Det er vanskeleg å ta høgdom for slikt når du er ute for å drepa.

Eg kjende etter i andletet; og, jau då, den falske Garborg-barten sat som han skulle. Eg hadde gått på jobb inkognito, slik at ingen skulle skjønna at eg var eg, sjølvaste vikaren – den såkalla «revolverformidlar», han som var ettersøkt av politiet i lag med den endå farlegare revolverdesperadoen John Fossmark. Jærbladet hadde slått saka stort opp. Morgonens overskrift var «Brutalt drap på diktar»; ingressen var «Foredrag om jærrockens utvikling øydelagt av iskaldt drap i all offentlegheit. Geir Zahl frå Kaizers Orchestra såg bror sin, Jan, bli skoten i hovudet på Garborgsenteret i går kveld. – Trist, seier artisten i ein kommentar.» Og vidare: «Politiet på sporet av to personar i natt.»

Fyrst vart eg skikkeleg forbanna. Dette foredraget skulle eg gjerne ha høyr! For kva hadde Risa tenkt å seia om Trette Menn og Kaizers Orchestra? Månesyll og tonegull? Torvald Tu- og Arne Garborg-tekstar? Desse tinga ville eg no aldri få svar på. Det irriterte meg. Vidare hadde eg stokke aldri så lite då eg såg at Jærbladet hadde trykt bilete av oss begge to. Eit stort eit av Fossmark, eit lite eit av meg.

Utstillingsleiaren vrei på seg. Ho visste sikkert ikkje at eg var her eingong. Og frå sjefen sitt kontor lydde høge snorkelydar, men eg let eg meg ikkje lura. Eg visste at ho Inger sat der inne og arbeidde, den juksemarkaren. Lydane var berre opptak av mannen hennar, ein viss Kenneth, storsnorkar. Bedrageriet hadde eg avslørt kvelden før, då eg og Fossmark skjulte oss der inne på flukt frå politiet.

Men no hadde telefonen ringt faen så lenge. Eg visste jo det, at jau då, eg var nøydd til å ta han. Men nei

nei, eg lika det ikkje. Det jævla hovudkontoret hadde gjeve oss klåre instruksjonar om å ta han når det ringte. Eg strekte ein slapp arm ut mot han, trykte på den grønne knappen og stønte:

«Garborgsenteret, du snakkar med vikaren.»

«Det er Jon,» sa Fossmark, men denne gongen beit eg ikkje på.

«Hei, John,» sa eg.



Eg troppa opp på Bryne vidaregåande skule, min gamle arbeidsplass. Eg helsa på elevar og lærarar i aust og vest; ja, nokre i sør og nord òg - men alle såg dei berre spørjande på meg. Ikkje så merkeleg, kanskje, sidan eg framleis hadde Garborg-barten på.



Eg spankulerte trygt og sikkert inn på avdelinga for norsk og samfunnsfag. Der såg eg rett inn på kontoret til avdelingsleiaren, den gamle sjefen min, Ole Martin Hillesund. Han hadde sitt svare strev med brørne Sørensen. Dei hadde trengt seg inn på kontoret hans, og no forsøkte dei å tvinga han til å ta Torvald Tu inn i læreplanen. Toskar, tenkte eg – då dei fann fram eit balltre og byrja å denga han etter notar. Det var jo ikkje opp til Hillesund å avgjera slikt.

Hillesund var frå Mandal og uansett ikkje heilt til å stola på når det kom til litteratur. Han var litt ukritisk. Han likte Kjell Askildsen. Det bobla i magen min av latter når eg tenkte på det der. Tenk at Ole Martin Hillesund likte Kjell Askildsen! Det var ikkje til å tru; Kjell Askildsen var ikkje berre ein bokmålsforfattar, men han skreiv jo berre korte tekstar! Tenk at norsk- og samfunnsfag-avdelinga på Bryne vidaregåande skule hadde ein så inkompetent leiar. Dette lova ikkje godt for framtida. Kontoret hans var prydd av skjerf med *Thomas F* på, bannarar med *Hundene i Tessaioniki*, capsar påtrykt *Samlede noveller*. I dørkarmen hadde han rissa *En forfatter med smell*, selvsagt er det *Kjell*.

Eg gjekk inn på arbeidsrom D, der eg visste at Fossmark hadde skrivebordet sitt. Då eg såg at det var tomt, spurde eg etter han. Eg fekk svar frå ein av mine gamle kollegaer, ei det er best å halda anonym, særleg sidan eg ikkje hugsar namnet hennar. Men eg kan seia såpass at ho er ifrå Dalane og har krøllete, kommunefarga hår. Ho vaggar når ho går – men det må du ikkje seia, for då vert ho aggressiv. Vil nokon ha prov på det, så kan eg visa dei nokre skikkeleg stygge arr i nakken min.



Ho sa at ho ikkje hadde sett lektor Fossmark i dag; men i fylgje timeplanen hadde han time akkurat no, klasse 2C i rom 22 - det var oppe ved kantina.

«Takk,» sa eg og skunda meg vekk så fort eg kunne.



Då eg tok steget inn i klasserom 22, var Fossmark i full gang med å læra elevane å prompa.

«Dette er ikkje vanskeleg,» sa han. «Dette bør de klara.» Han peika på tavla. «Å prompa, prompar, prompa, *har* prompa. I pluskvamperfektum: *hadde* prompa. I futurum: *skal* prompa. Me tek det frå byrjinga av. No *prompar* eg. Ikkje sant? I går *prompa* eg.»

Han snudde seg mot dei og sa:

«Og dét lukta noko grevleg!»

Så oppdaga han meg.

«Er det *du* som kjem? Me er midt i grammatikken, ser du. Eg likar å velja litt spenstige ord. Har du nokre gode forslag, så kom med dei.»

«Vel, John,» sa eg, og skulle til å foreslå eit skikkeleg grisete eit, men vart avbroten av heftige kremt. Og då såg eg det. Fossmark hadde jo òg barten på.

«Eg er ikkje John,» sa han.

«Orsak,» sa eg, «kven er *du* då?»

«Berre ein vikar. Du kan kalla meg Jon. Kven er *du* forresten?»

«Fast tilsett,» sa eg, «på Garborgsenteret.»

Eg let fingrane gli langsamt over Garborg-barten min. Det var best å vera med på spelet, slik at ikkje

elevane gjennomskoda oss og ringte til politiet.

«Det var det eg tenkte,» sa Fossmark. Han skubba ein elev mot pulten sin, og kviskra: «eg har funne fjerdeutgåva, ho ligg heime og ventar.»

Han gjorde teikn til å gå mot døra; men snudde seg på halvvegen og sa til elevane:

«No skal me bøya pronomen. Me byrjar med oss. Dette er ikkje vanskeleg, dette bør de klara. No bøyer me oss. I går *bøygde* me oss. *Har* bøygt oss, *hadde* bøygt oss. Flott, Berit, dette ser fint ut. Litt lenger ned i knea, Hilde. Snu gjerne ryggen til. Sånn ja, Anne, dette likar eg. Dette kan de, dette er de gode i.»

Inntil vidare,

Gonzo Johnsen

Fast tilsett

Nasjonalt Garborgsenter



Fossmark skreiv ei lang lekse på tavla. Til tysdag skulle elevane lesa «Knudaheibrev», «Kolbotnbrev» og «Labråtenbrev» – samt samanlikna dei med Karl-Ove Knausgårds seksbindsverk «Min kamp». Etterpå skulle dei analysere syntaksen si utvikling frå fyrste til siste bok, hjå begge forfattarane. Hovudspørsmålet var om det var mogleg å halda på rytmen over så mange år, om det i det heile tatt var ønskjeleg; eller om endring i rytme og klang rett og slett var eit verknadsfullt og resepsjonestetisk verkemiddel som tydeleggjorde det ekspresjonistiske utviklingsperspektivet innan modernistisk og postmodernistisk realisme.

Elevane jubla.

Dei sette i gang med stor entusiasme. Dei skjøna ikkje at spørsmålet var leiande og smilte frå øyre til øyre. «Endeleg ei skikkeleg oppgåve!» høyrde eg ei av

jentene seia. Fossmark tok meg om skuldrene og førte meg derifrå.

Me forlet skulen og gjekk ned frå Skulehøgda. Me skulle til Fossmark si leilegheit for å finna fjerdeutgåva av Arne Garborg sin profetiske diktsyklus «I Helheim». Fossmark budde øvst i Slottsblokka på sjølvaste Brynehaugen, den mest Garborg-fanatiske delen av byen. Men fyrst måtte me sjå plastikksteinane med lys i – to av dei var i Storgata og hadde bilete av Arne og Hulda Garborg. Det var lenge sidan Fossmark hadde sett dei no, sa han. Han hadde tenkt på dei heile natta, men hadde ikkje fått tid tidlegare på dagen. For min eigen del tykte eg det var heilt greitt, eg hadde heller ikkje sett dei på ei stund – ikkje sidan i går morges då eg gjekk for å besøka Fossmark. Det var den turen som hadde sett det heile i gang, som hadde ført til at Jan Zahl vart drepent, at eg og Fossmark vart drapsmenn, og grunnen til at me framleis nytta falske Garborg-bartar for at ingen skulle kjenna oss att.

Me fann steinane. Det var skikkeleg morosamt. Når ein tråkka på dei, så blunka dei. Ja, Arne og Hulda blunka til *kvarandre*. Me lo godt av det.



«He he,» sa Fossmark.

«Hi hi,» sa eg.

Så gjekk me vidare. Me tok snarvegen over Kongo-brua, forbi hotellet og Bryne kyrkje, og ankom Slotts-blokka frå toppen av Brynehaugen.

Me sleit oss opp gjennom trappehuset. Det draup svette av meg, men Fossmark var heilt turr. Eg let vera å spørja, men gjekk ut frå at han ikkje var blitt mindre gira på å finna og uskadeleggjera den nye Garborg sidan sist. Fossmark hadde eit nær religiøst forhold til Garborg, han såg på diktaren som sin velgjerar. Frå ein posisjon på himmelkvelvinga sytte gamle Garborg for Fossmark sine spesielle evner, det var eg sikker på.

Eg skulle berre ynskje at Garborg såg *min* veg snart.



Medan Fossmark leita etter fjerdeutgåva, i ei eske full av gjeldsbrev og kjærleiksbrev som stamma ifrå mor-mora, merka eg meg ein noko snodig dings i bokhylla. Det såg ut som eit slags erotisk verktøy, men bar ein plakett som antyda at det var ein premie han hadde vunne.

Eg lyfta han opp mot taklampa og studerte han frå alle vinklar.

«Kva i all verda er dette?» spurde eg. «Det ser ut som ei...»

«Ikkje sei det!» sa Fossmark. «Eg likar han ikkje. Det var berre noko eg vann i Trøndelag, ser du.»

Eg las opp frå plaketten:

«*Rocktum?*»

«Det var ein festival,» sa Fossmark. «No har han skifta namn til Orkdal-festivalen eller noko anna kje-deleg; men den gongen var han nyskapande og radikal. Det hadde seg slik at eg i ein kort periode var tysk pornostjerne, og på denne tida fekk studentbandet mitt invitasjonar til diverse stemne.»

«Var du tysk pornostjerne?»

«Ikkje ta den tonen der til meg!» sa han. «Men ja, i Trondheim trudde dei at alle som skarra på R-ane kom frå Bergen eller Tyskland. Sidan eg ikkje var ifrå Bergen, måtte eg vera ifrå Tyskland. På denne tida hadde eg lite pengar – det vart mykje kneipp og ketsjup, for å seia det slik – og då er det fort gjort å hamna på galne sida. Særleg i Trøndelag, det kan eg lova deg. Plutseleg var det nokon som sette ut eit forferdeleg, vondsinna rykte om at eg hadde eit seksuelt forhold til den mannlege vokalisten min.»

«Fysj!» sa eg, «falske rykte er noko av det verste ein kan bli utsatt for.»

«Dette var kje falskt, berre forferdeleg og vondsinna. Ettersom eg og vokalisten hadde... Eg snakkar kje meir om det. Og sidan han og eg tok fram våre... Eg snakkar kje meir om det heller. Uansett, me møtte opp på Rocktum-festivalen og spelte to konsertar der. Éin på fredagen, då me var hovudattraksjon, og éin på laurdagen då me var oppvarmingsband for eit band som hadde varma opp for Return året før. Dei hadde eit visst namn, dette bandet, sjølv om eg ikkje hugsar kva det var – og dei var jækligt gode.»

«Kva har dette med tida som tysk pornostjerne å gjera?»

«Ikkje mykje, Gonzo. Eg måtte berre seia det medan eg hugsar det.»

«Premien då?»

«Grunnen til at eg ikkje likte han, var at me ikkje fortente han, ser du. Me vart utropt til vinnarar i kategorien for beste enderim, noko som provoserte meg. Me hadde jo ikkje skrive songane sjølv, men snikra i hop eit repertoar som best me kunne av melodiar frå «Haugtussa». Du veit, dei vanlege. Så eg ville dedikera premien til Arne Garborg, ser du, men då skal eg helsa og seia det vart rabalder.»

På dette tidspunktet gjorde Fossmark ein strålende imitasjon av rabalder. Det var ikkje utan grunn at han på nititalet var blitt ungdomsskulemeister i mimespel.

«For,» sa han, «det var ikkje lydrim dei hadde premiert oss for i det heile tatt, men endane våre. Dette var vanskeleg for oss å forstå den gongen; men eg og bassisten, ein feit fyr frå Grong, hadde prikk like romper. Så då meinte dei i juryen, med sin sjuke humor, at det var enderim me dreiv med.»

«Og då fekk de denne?»

«Eg gjekk med på å ta imot han då eg skjønna korleis ting hang saman. Dei var ikkje ute etter å dissa Garborg i det heile.»

Han tok premien til seg, og vòg han i handa.

«Eg og bassisten *hadde* like endar,» sa han. «I vide bukser var det plent umogleg å skilja oss. Her,» sa han og kasta premien mot meg. «Behald han. Mine dagar som homohelt er over.»

Han rota vidare oppi eska.

«Evreka!» ropte han. «Eg *visste* eg hadde sett ho her i går.»

Han heldt boka triumferande opp over hovudet.

«Fjerdeutgåva!» ropte me i kor.

Inntil vidare,

Gonzo Johnsen

Fast tilsett

Nasjonalt Garborgsenteret



Me visste kva me skulle gjera. Me slo opp på side 95, der me – som vanleg – fann ei endring etter den velkjende allusjonen til psevdonymet Alf Buestreng. Det sto:

*Ein Alv spela
paa eigne Strenger
Han tvang Fela
t'aa strekkjast lenger.
Og så:*

*Om Du er vaksen eller ung
eller kanskje berre Barnet
Følg Blikket mitt, Venen
helsing Arne.*

«Kva meinte Garborg med dette?» spurde eg meg sjølv. Eg stilte meg framfor det mystiske Garborg-portrettet Fossmark hadde på veggen. Det var datert til 1943 og temmeleg skummelt, all den tid Garborg døyddet allereie i 1924. Dessutan hadde diktaren tri kulehol i panna, noko ingen hadde teke ansvar for. Eg klødde meg på haka og såg tenksam ut, eg hadde sett på film at slikt kunne hjelpa. Eg stirte Garborg i augene.

Kva meinte du, Arne? Kva ville du med dette?

Brått mintest eg at mormora til Fossmark, ho som hadde tileigna seg biletet for ein pris ho aldri ville tilkjennege, ein gong hadde teke biletet med seg til Knudaheio og hengt det over tri samsvarande kulehol i veggen på loftet.

Då hadde blikket til diktaren flakka.

Mormora, ei tøff dame av typen som vann verdskrigar utan å få gangsperr, hadde følgd Garborg-blikket og funne ein inskripsjon i treverket.

Der kunne det vera meir å henta.

Følg Blikket mitt, Venen

«John!» sa eg. «Evreka!»

«Er det no du skal seia at me må ta med oss biletet til Knudaheio og finna kulehola i veggen på loftet og henga biletet over dei og sjå om augene flakkar og endeleg få svar på alle spørsmåla våre og fleire til?»

Helsing Arne.

«For å seia det slik,» sa Fossmark, «eg skjøna korleis det hang saman allereie i natt. Eg er temmeleg intelligent, ser du. Dessutan var det jo då eg fann fjerdeutgåva fyrste gongen.»

«Men John,» sa eg, «då hadde me vel ikkje trengt å reisa innom her eingong?»

«Jau, Gonzo, eg hadde så lyst til å visa deg pappeska med mormor sine brev i. Det er så sjeldan nokon ser den.» Han dreidde eska sakte rundt. «Er den ikkje fin? Tusjmerka var det eg som laga, då eg var liten og hadde ein gul periode. Det er roser, ser du. Eg var eit skjønt barn, Gonzo, så lenge det varte.»

Han fullførte:

«Etter at eg vaks opp, er eg blitt heilt umogleg å ha med å gjera.»



Like etter kjørte me i full fart mot Undheim. I baksetet hadde me begge klenodia: portrettet av Arne Garborg og premien Fossmark hadde vunne på Rocktum-festivalen. Han hadde gjeve han til meg, slik at han vart kvitt han. Han var ikkje fin. Ikkje premien heller. Me svingte ut på riksvegen; men så snart kvininga hadde lagt seg, svingte me av igjen. Fossmark slo tidleg av motoren, og me trilla lydlaust inn på ein grusveg, like ved eit byggjefelt.

«Me er kje ute av byen eingong,» sa eg.

«Det er noko eg må sjekka,» sa han. «Snart helg, ser du. Eg vert så nysgjerrig.»

Han vinka meg etter seg, og me lista oss inn i eit skogholt. Han tok til å klatra i eit nokså høgt tre, og eg såg ikkje anna råd enn å fylgja etter. Der oppe var det god utsikt, både mot havet og inn i ein einebustad.

«Ssjj» sa Fossmark. «Ikkje fis, er du snill. Me må vera heilt stille. Ser du det vindauget der?»

Eg nikka.

«Ser du han med skjegget?»

Det var knapt nok mogleg å avgjera om den menneskeliknande skuggen der inne hadde skjegg; men så, etter ei lita stund med intens stiring, kunne eg klårt og tydeleg skjelna han ifrå omgjevnaden.

«Det er...»

«Hysj!» avbrøyt Fossmark. «Eg veit jo kven det er, din dust, det var eg som viste deg han. Ligg stille no.»

«Korleis visste du kor han budde?» spurde eg.

«Eg følger han på Twitter. Det er sabla enkelt.»

«Smith òg?»

«Nei nei, han følger eg gatelangs. Han tok toget sørover tidleg i dag tidleg, skulle sikkert tilbake til Europa. Interessant fyr. Ambisiøs. Temmeleg Garborglik.»

Han tok ein kikkert fram frå jakkelomma og konsentrerte seg grundig.

«Kva ser du no, John?» spurde eg. «Er Risa den nye Garborg?»

«Ikkje ver tåpeleg, Gonzo. Det går ikkje an å sjå slikt gjennom ein kikkert. Me er her fordi eg likar å sjå tippekampen direkte. Eg må vita kva det er han skriv på. Då me var på Tjemsland i går, sette eg førti kroner på oddsen. Eg tippa at firebindstrilogien «M. Kanne

& Søn» skulle stoppa der, på maks fire bind altså. Så gjekk eg inn på Twitter og las at han var i gang med eit nytt manus. No vil eg vita kva det er.»

Han kneip leppene i hop og stirte intenst gjennom kikkerten.

«Oi oi, han gjev manuskriptet ein tittel i denne augneblinken. Kva er det han skriv, kva er det han skriv? Ai! Den der var ikkje god.»

«Ein dårleg tittel, John? Kva då?»

«Dårleg for meg», sa Fossmark. «Den nye boka skal heita «M. Kanne & Sønesøn». Då kjem det vel fire bind til i same trilogien, fryktar eg. Fire baklengs i same slengen, snakk om stortap. Det var førti fine kroner ut av vindauget, det.»

Han pusta tungt, men ikkje lenge.

«Kanskje eg kan spela kvitt eller dobbelt?» funderte han. «Eg vil setta åtti kroner på at dette vert den mest omfattande trilogien verdslitteraturen nokon gong har sett.»

Han såg alvorleg inn i kikkerten.

«Louis Masterson, ta deg ei bolle.»

Så ålte han seg inn mot stammen.

«Men no må me vidare. Me har ein forfattar å redda.»

Han tenkte nok på Garborg.

«Og ein å drepa,» sa eg, og tenkte på Smith eller Risa.

«Jepp,» sa Fossmark, «og eg gler meg sjølvsagt til det. Men denne gongen må me ta oss tid til å torturera. Me må senka tempoet litt. Alt går så fort i våre dagar.»

Akkurat då eg skulle til å sleppa meg ned til greina nedanfor, tok Fossmark tak i meg, han pressa meg flat

mot greina me sat på. Eg ville protestera, han hadde jo nettopp sagt at me skulle gå – og så sytte han plutseleg for at eg ikkje kunne røra meg! Han peika ned mot sykkelstien med sin kraftige, dirrande peikefinger – og kviskra lågt inn i øyret mitt.

«Sjå der, Gonzo. Torvald Tu-tilhengarar.»

Brørne Sørensen var ute på hekkane.

Inntil vidare,

Gonzo Johnsen

Fast tilsett

Nasjonalt Garborgsenter



Bak brørne Sørensen var alle lyktestolpane sløkte; og no, når dei hadde fått auge på Fossmark sin sylvgrå Renault frå 1999, kunne me sjå at dei fråda. Dei banna så lukkeleg og grovt at Fossmark og eg spontant heldt oss for øyrene og nynna «Gud signe Noregs land»:

*Gud signe Noregs Land,
kvar Heim, kvar Dal og Strand,
kvar Lund og Lid.
Han lat' det aldri døy,
han verje Bygd og Øy,
han verje Mann og Møy,
til evig Tid.*

Det hjalp. Ein augneblink pusta eg lettare, men så steina dei bilen noko grassat.



Det singla i glas og vart store bulkar i karosseriet. Dei bøygde panseret ved hjelp av muskelkraft – det vart ståande rett opp og gjorde bilen umogleg å kjøra.

«Sånn,» hørte me frå munnen til Morten Sørensen. «No kan dei ikkje kjøra meir.»

Eg spurde Fossmark om brørne kunne vita at bilen var hans. Han stønna ulukkeleg.

«Nei nei nei. Det var nok på grunn av klistremerket i bakruta. Eg kjøpte eit slikt *Garborg er best, ingen protest*; det var dumt av meg. Ein rein provokasjon, sjølvsagt.»

«Onkelen min har *Skrekk og gru: Torvald Tu*,» sa eg.

«Det er jo livsfarleg,» kviskra Fossmark.

Brørne Sørensen tok high five, og ein av dei stakk armen inn gjennom den knuste bakruta. Heldigvis let dei det mystiske portrettet av Arne Garborg ligga, og vart i staden ståande og sjå undrande på den premien Fossmark hadde vunne på Rocktum-festivalen i Orkdal.

«Sjå, Frank,» sa Morten. «Den var løyen.»

«Kva står det?»

«Rocktum. Kva trur det er?»

«Ser du kje det?» sa Morten; og forklarte broren kva det var han sto og holdt i.

Frank sleppte premien med det same. Så tok dei kvarandre i hendene og dansa i heksering. Dei song annakvar strofe frå Tu-songen «Myrfibel».

«Løje å stå her!»

«Rikka å gå her!»

«Sjå på når blommane vogga i vinn!»

«Solstråle kransa!»

«Glitra å glansa!»

«Spela å spinne å spola seg inn!»

Dei klukka nøgd, tok high five og istemte «konge» og «gudd».

Fossmark resiterte nokre beroligande linjer frå «Jesus Messias». Brått trudde eg dei hadde høyrte kviskringa hans – for dei skunda seg mot treet me gøymte oss i. «Eit epletre,» sa Frank.

«Me får kje eple om sommaren,» sa Morten.

«Me kan gå på slang likevel.»

«Ja, kvifor ikkje?» sa Morten, «eg likar å rista.»

«Eg òg,» sa Frank.

«Eg mest,» sa Morten.

«Næ-hei,» sa Frank.

Så rista dei noko ofseleg. Dei nytta både hendene og rista det dei var karar om. Oioi, tenkte eg. *No fell eg.*

«Lat oss sjå om noko fell,» sa Frank. Det var det siste eg hørde.



Då eg kom til meg sjølv hadde eg gysla vondt i kneet. Eg klarte likevel å stabba meg opp på føtene, og det

same gjorde Fossmark. Utslått på marka låg brørne Sørensen. Mellom dei låg Rocktum-trofeet og to falske Garborg-bartar.

«Kva hende?» spurde eg.

«Du klarte ikkje å halda deg fast. Du datt som ei fillerye oppå den eine av dei. Då eg såg dét, kasta eg meg over den andre.»

Fossmark skunda seg bort til bilen sin, stakk handa inn og drog ut måleriet. Eg ville tilbake og plukka opp dei falske Garborg-bartane; dei var naudsynte med tanke på at me var ettersøkte for mord og måtte opptre inkognito – men Fossmark nekta meg. Me hadde ikkje tid, sa han, me måtte stikka før dei vakna. Dessutan hadde han ein plan. Han peika på ein grøn traktor hjå dei Austbø.

Me sprang. Fyrst over Kumarkå, så over Hestamarkå. Framme på tunet jumpa me inn i traktoren.

«Hopp inn,» sa Fossmark; «eg kjører.»

Men i det same han tjuvstarta traktoren, kom bonden sjølv ruslande. Han plystra nøgd, og hadde eit strå i munnvika; men vart snøgt rasande då han forsto kva me dreiv med. Han ropte og skreik etter oss, men me kjørte lett ifrå han. I sladrespegelen kunne me sjå at han tok fram mobiltelefonen, og like etter hørde me politisirenar.

«Pokker!» sa eg. «Me skulle hatt noko betre enn ein traktor. Dei kjem til å innhenta oss.»

«Tøv,» sa Fossmark. «Det finst ikkje noko betre enn ein traktor. Me er jærbusar, for faen!» Han strauk traktoren kjærleg over girspaka. «Du har vel høyrte at eit kjøretøy ikkje kan kjøra raskare enn det sjåføren vil?»

«Det var vel Petter Solberg som sa noko slikt?» spurde eg.

«Rett,» svarte Fossmark. «Men eg seier at kjøretøyet heller ikkje kan gå saktare enn sjåføren vil!»

Han tok eit skikkeleg grep om rattet. Plutseleg akselererte me. Fossmark la traktoren ut i motgåande fil og fór forbi audiar og volvoar og einskilde BMW-ar. Ja, der passerte me ein porsche òg; eg vinka forsiktig til sjåføren, men han gav meg berre fingeren tilbake. Då ein motgåande trailer prøvde å tvinga oss tilbake i høgrefila ved å bærta, tok Fossmark revolvaren ut av jakkelomma og skaut to gongar i lufta. Etter det hadde me vegen for oss sjølv. Snart låg politibilen langt bak oss, og me bestemte oss for å ha det litt moro. Me freste over potetåkrar og småbekkar og tvers gjennom eit lite, falleferdig drivhus på Line.

Det var skikkeleg morosamt. Så flat hadde Jæren aldri vore før.

«Ein gong til,» sa eg. «Ver så snill.»

«Okai, men berre fordi eg vil,» sa Fossmark.



Me kjørte gjennom drivhuset så mange gonger at sola var på veg ned då me tok fatt på det siste stykket til Knudaheio.

«For ein sinnssjukt god traktor,» sa eg. «Tenk at me klarte å kjøra ifrå politiet med denne.»

«Det var kje traktoren,» sa Fossmark surt. «Høyrer du kje etter når vaksne folk snakkar til deg? Det var

eg som gjorde det. Eit kjøretøy kan kje gå saktare enn sjåføren vil.»

«Gje deg, John. Det der må du lenger ut på landet med.»

«Me er på Undheim, for svarte! Me kjem ikkje lenger ut på landet enn dette.»

Inntil vidare,

Gonzo Johnsen

Formidlar

Nasjonalt Garborgsenter



Me var på grensa til Høggjæren, det landskapet Garborg hadde skildra som fullt av vetter og huldrer. Han hadde lært meg fylgjande: bak steinane lurte draugen.

Stova var raudmåla og bygd i 1899. Diktaren hadde byrja leitinga etter ei eigna tomt medan han skreiv «Haugtussa» på midten av 1890-talet, og nokre år seinare sto ho altså klar. Her oppheldt diktaren seg mest kvar sommar til han døydde i 1824. Store verk var blitt til her. Og i hagen var han hauglagt. På ein kolle hundre sønnafor sto hovudet, steinansiktet, ein uthogd skulptur av diktarens kloke andlet, kalla «All denne fagre utsyn».

Frå Knudaheio såg ein Flatjæren og langt utover Nordsjøen. Eit avsnitt frå romanen «Fred» pulserte i bakhovudet mitt:

Upp frå den låge sandstrandi tøygjer seg eit armt, grått land med lyngbrune bakkar og bleike myrar, yvi-sått med kampestein, trelaust og berrett; avstengt mot aust med ein lang, låg fjellgard. Endelaust synest den nakne hei.

Fossmark og eg sat i ein traktor. Me treivst, me var jær-buar. Rett nok var han stolen, men det var me som hadde gjort det, så me tykte ikkje det gjorde noko. Han var skikkeleg rask og hadde kjørt frå politiet. Dei var etter oss av fleire grunnar, men mest fordi me hadde vore så uheldige å drepa Jan Zahl på ein grufull og kaldblodig måte. Me var berre på jakt etter den nye Garborg, han måtte jo identifiserast og uskadeleggjerast – slik at han ikkje tok glansen frå gamle Garborg sjølv. Det var like før Garborgsenteret skulle opna, og den gamle diktaren måtte halda på posisjonen som den største.

Me hadde kjørt til Knudaheio for å finne den opprinnelege staden til eit mystisk portrett av han.

*Om Du er vaksen eller ung
eller kanskje berre Barnet
Følg Blikket mitt, Venen
helsing Arne.*

Spådomen hadde me funne i den hittil ukjende fjerde-utgåva av diktsyklusen «I Helheim». Me hadde nådd erkjenninga om at portrettet sitt flakkande blikk kunne leia oss til noko anna, noko meir – kanskje svaret på profetien om den nye Garborg. *Kven var han? Kor fann me han? Korleis kunne me uskadeleggjera han?* Det siste gleda me oss til. Me hadde jo tenkt å torturera han litt òg.



Me trilla inn på kjerrevegen. Fossmark var sjåfør og nytta høvet til å leggja porten flat.

«Filleport! Eg har aldri likt han. Alltid stengt. Folk burde tenkja meir på andre og opna portane etter seg.»

Han parkerte like ved steingjerdet og slo av motoren. Eg kjende eg vart andektig, ja redd. Her sto me, den valdelege John Fossmark og eg, ved diktarstova til den største av alle diktarar. Her hadde Garborg skrive «Knudaheibrev», «Jesus Messias» og «I Helheim».

«Kva er det, Gonzo? Du ser dårleg ut.»

Eg var beinlaus og viljelaus. Eg ville berre spy, men trudde ikkje eg ville kunne dét eingong. Fossmark opna bensinloket, fann ei ause og spedde på lommelerka.

«Her. Ta ein molotovcocktail. Då vert du i fyr og flamme.»

«Ei ildsjel, kanskje?»

«Berre brennande engasjert.»

«Det vert nok hett rundt øyrene, ja.»

«Hald kjeft.»

Han heldt lerka til truten min og tvang i meg nokre dropar. Etterpå tømte han resten i seg sjølv. Han rapte og slo seg på brystet. Så tok han tak under armane mine og seinka meg ned på bakken. Han rekte meg biletet, og me gjekk mot huset. Eg såg dei store steinane der Haugtussa-vandringa bruka å foregå, der Veslemøy dansa og sjarmerte, der Jon laug og forførte, der draugen lurte og fordømte.

På den motsette sida av hagen låg gravene. Det var berre så vidt eg våga å kasta eit lite blick på gravhau- gen, der dikteren kvilte i hop med si Hulda. Det gjekk eit slikt ekkelt gys nedover rygggrada mi; eg såg for meg korleis dei innfelte gravsteinane flytta seg, korleis

beinrangela Arne og Hulda stavra seg gjennom hagen med skarpe klikkelydar – slik som zombiane i Michael Jackson sin «Thriller»-video.

Heldigvis var dei kremerte, både Arne og Hulda. Men eg hadde høyrte at dei gjekk igjen.

Eg skunda meg bort til huset og opna døra. Det lukta gammal hytte og var heilt mørkt. Me brukte litt tid på å finna lysbrytaren. Til slutt fann Fossmark han bak gamle Garborg sin originale regnfrakk, ein muse- umsgjenstand. Han stakk armen halvvegs gjennom jakkeermet og gjorde nokre bølgande rørsler.

«Bu-huuu!» sa han og heldt på å le seg ihjel. «Vart du redd no?»

«Ja, John,» sa eg.

For det sat ein mann i diktarens stol.



Politibetjent Salte flirte hånleg. Han hadde tatt på seg uniform og svarte sko, og vippta forsiktig på den gamle jærstolen. Han slo to handjern rytmisk mot kvarandre,

slik at det skapte ein suggererande og skrekkeleg lyd. Frå naturen si side var Salte utstyrt med eit sleipt glis. Han var lynande rask, og ein av dei framste på å setta krokfot på tjuvar og rågjengarar.

Me hadde ikkje leggbeskyttarar.

Pokker.

Me burde ikkje ha drepe Jan Zahl.

«Der er de,» sa Salte. «Endeleg. Me byrja å bli redde for at dykk hadde kjørt dykk bort. Hee, he he.»

«Kva?» utbrøyt Fossmark. «Korleis visste du at me skulle hit?»

«D er ikkje så gløgge som dykk trur,» sa Salte. «Eg las om flukten på garborg.no.» Han lo igjen. «Hee, he he.» Eg forsøkte å plystra det vekk, men Fossmark let seg ikkje lura.

«Få låna halsen din litt, Gonzo. Lat meg vri han. Gonzo. Din jækel! Din sattan, Gonzo! Din Torvald Tu, Gonzo! La du ut endå ein episode, du? Veit du kje at politiar kan lesa?»

Brått vart han mildare i røysta:

«Du hugsa vel a-endingar i infinitiv?»

Salte reiste seg. Med langsame, tunge politi-steg kom han imot oss. Me rygga. Kva skulle me gjera? Kunne me koma oss til traktoren før han rakk å setta handjern på oss?

Plutseleg gjekk døra opp. Nokon stilte seg midt i fluktruta bak oss. Ein rå latter borra seg inn i dei blinde ryggane våre. Det var røysta til politibetjent Jan Terje Strand. Ein ekkel, blaut pust i hoftehøgd tyda på at han hadde teke med seg schæferen sin.



Inntil vidare,

Gonzo Johnsen

Formidlar

Nasjonalt Garborgsenter



Eg og John Fossmark, hovudmannen bak drapet på den tidlegare krølltoppen Jan Zahl, var blitt innhenta av politiet. Betjentane Leif Rune Salte og Jan Terje Strand hadde omringa oss inne i diktarstova til Arne Garborg. Hunden deira, ein schæfer, hadde nettopp urinert på leggen min.

Det lukta honnikorn. Denne bikkja var bortskjemt.

Me hadde teke med oss eit portrett av Arne Garborg. Det var blitt skutt på tri gonger, diktarens panne hadde tri hol gjennom seg. Me hadde teke det med oss fordi det skulle vera tri identiske hol på loftet, og historia sa at dersom ein hengte biletet oppå dei, på den opprinnelege plassen, så skulle augene til Garborg flakka. Følgde me blikket, ville det leia oss til den nye Garborg.

*Om Du er vaksen eller ung
eller kanskje berre Barnet
Følg Blikket mitt, Venen
helsing Arne.*

«No,» sa Strand, «er det ute med dykk. Men er de oppvakte, finst det framleis eit høve.»

«Hee, he he!» lo Salte.

«For de veit vel at det berre finst eitt verkeleg filosofisk problem?»

«Hee, he he!»

Politibetjent Strand var kjend for å lika dei franske eksistensialistane. Heilt sidan ungdommen hadde han forsømt Garborg-lesinga i lange periodar til fordel for Jean-Paul Sartre, Simone de Beauvoir og Albert Camus. Strand sat ofte på puben Thime station med ei halvflaske burgund og resiterte. No sa han:

«Å avgjera om livet er verd eller ikkje verd å leva, det er å svara på filosofiens fundamentale spørjemål.»

Salte knegga.

«Frå Myten om Sisufos. Hee, he he!»

Også Salte var glad i fransk litteratur, men han hella meir mot symbolistane. Rimbaud, Verlaine, Baudelaire. Intellektuelle flanørar likte dei iallfall, begge politibetjentane.

Me var i ei skikkeleg knipe. Det var så plagsomt å vera fanga av politiet at eg nesten skulle ønskja at me ikkje hadde teke livet av journalisten og forfattaren Jan Zahl. Vel var drapet ein god handling i seg sjølv, me kunne jo ikkje vita at han var uskuldig – men det var no det som hadde ført oss til denne vanskelege og kjipe

situasjonen. Hadde ikkje Zahl klipt av seg krøllene, ville me ha vore frie menn no.

«Det er frisøren sin feil,» sa eg.

«Veit det,» sa Fossmark.

Salte hadde sett seg i Garborg sin eigen jærstol framfor oss, og han merka at eg fikla med mobiltelefonen. Han spurde kva eg dreiv med.

«Det er opplagt,» sa Strand bak oss. «Han skal sikkert formidla kontakt med politiet!»

«Ja, han er jo formidlar!» skratta Salte.

«Revolverformidlar,» presiserte Strand.

«Hee, he he.»

Dei lo rått og lenge. I mellomtida rakk eg å senda ein tekstmelding til dommar Heien. Me brukte å kalla han for «haien», han var eit rovdyr etter slike som ikkje klarte å oppføra seg. Som lokal fotballdommar hadde han gjeve gult kort til begge politiane. Kom han seg hit opp, kunne han kanskje gje dei raudt og forvirra dei slik at me ville sleppa unna.

Like etter banka det på døra. Strand og Salte vart tause.

Det banka igjen.

Kunne verkeleg Heien vera så rask? Nei, var det noko Heien ikkje var, så var det rask. Det hadde eg sett, gong etter gong, på fotballkamp etter fotballkamp, ja på handballkampar òg. «Haien» var treig. Han kom for seint inn i situasjonane, men kompenserte for det med å dela ut mange kort.

«Kven kan det vera?» sa Strand.

«Garborg sjølv?» sa Salte; og så lo dei høgare enn nokon gong.

Då tystnaden atter la seg, banka det på for tredje gongen.

Me såg korleis døra langsamt opna seg. Ho knirka noko grueleg. Regnet pøste inn gjennom dørsprekken. Vinden ulte. Greiner slo mot husveggane.

«Kva i...!»



Diktarstoveguiden Sigbjørn Reime vart skikkeleg overraska då han såg meg. Han var tilsett som konsulent og kulturformidlar i Time kommune med ansvar for diktarheimane Knudaheio og Garborgheimen; og det kjekkaste han visste var å syna pensjonistar og turistar Knudaheio.

«Er det deg, Gonzo?» sa han. «Hyggeleg å sjå folk frå Garborgsenteret her. Har du Inger og Gunhild med deg?»

«Nei nei,» sa eg, «berre meg her.»

Han flytta blikket frå berre meg til den storvaksne John Fossmark, til den sleipe politibetjenten Leif Rune Salte, til den kranglevorne politibetjenten Jan Terje Strand. Endeleg stirte han på den hissige, illeluktande schæferen som nettopp hadde gjort frå seg på beinet mitt.

Det lukta framleis honnikorn.

Gråe luggar kikka nysgjerrig over skuldra hans og inn i den vidkjende diktarstova. Reime hadde med seg eit heilt fylgje. Turistane vart ståande på trammen og venta.

«Deg kjenner eg òg att,» sa Reime og peika på Fossmark. «Du er han som skriv lesarbrev til Jærbladet. Du skriv godt òg, du. Særleg har eg sans for måten du kombinerar garpegenitiv med substantiv som endar på vislelydar. Det er ganske nyskapande, trur eg.»

Fossmark takka høfleg.

«Ein skulle tru du var den nye Garborg,» sa diktarstoveguiden.

Før eg rakk å jekka Fossmark ned, gjekk me overende, alle mann. Gangen i diktarstova vart plutseleg full av folk, liggjande, fallande, sprikande og skrikande. Dei bakarste i fylgjet hadde ikkje skjøna kvifor dei måtte stå ute i regnet, no ville dei inn i varmen. Det var som

ei flaumbølgje av gamle menneske. Me vart skylt rett i veggene. Det harka rundt oss i hese lårhalsar.

Fossmark tok eit fast grep om biletet og lyfta meg opp på skuldrene. Han skauv folkehaugen til sides og gjekk oss opp trappa til loftet. Han drog lemme over trappa og sette på bommen på plass. Me var trygge. Enn så lenge hadde me unnsloppet politiet. Men det var noko med augene hans.

«Ikkje tenk på det, John,» sa eg. «Det var berre noko Reimen sa. Du forstår vel det?»

Han gjekk lenger inn på loftet.

«Du er *ikkje* den nye Garborg, John!» sa eg.




Han svarte ikkje, men peika på nokre kulehol i veggene.

Inntil vidare,

Gonzo Johnsen

Formidlar

Nasjonalt Garborgsenteret



Fossmark målte kulhola med augene og hengte biletet over dei. Hola i biletet og kulene i veggens samsvarte perfekt.

Me hadde funne portrettet sin opprinnelege plass.

*Om Du er vaksen eller ung
eller kanskje berre Barnet
Følg Blikket mitt, Venen
helsing Arne.*

Fossmark tok eit steg tilbake og stilte seg framfor meg. Eg måtte ta eit steg til sida for å sjå noko. Biletet fekk ein dominerande posisjon i rommet. Ein merkeleg ro la seg over heile loftet. No var det berre å venta. I fylgje historia skulle diktarens blikk bevega seg når det hang på sin rette plass. Det hadde skjedd før, under den andre verdskrigen hadde mormora til Fossmark følgd diktarens flakkande blikk og funne andreutgåva av diktsyklusen «I Helheim» bak veggpanelet.

«Kva no?» sa eg.

«Hysj,» sa Fossmark. Han var nyss blitt kalla *den nye Garborg* av Time kommunes eigen diktarstoveguide, og naut ein viss sjølvrespekt.

Då skjedde det.

Blikket flakka.

Eg fekk ei kjensle av at det lynte utanfor, men Fossmark sa at det ikkje var noko å uroa seg for.

«Det er berre eit gjenferd,» sa han.

Det hjelpste. Eg vart rolegare. Eg såg på biletet, på augene til Garborg. Og blikket flakka igjen. No var me betre førebudde, me rakk å tenkja, me enste kva blikket såg på.

Diktaren hadde sett ut gjennom vindauget.

Loftet var trangt, med skråtak og berre eitt lite vindauge på kvar kortsida. Garborg hadde sett sørover. Me trengte oss saman og kikka ut. Det hadde skya til igjen og var mørkt. Me såg ikkje noko. Den eine, bleike lypæra hengte i taket bak oss og gjorde at ruta reflekterte våre eigne spegelbilete. Greitt nok for Fossmark, kjedeleg for meg. Andletet mitt var berre halvparten så stort som hans.

Eg sløkte lyset, og me kunne sjå ut.

Eit lyn flerra himmelen i to – og ein skarp silhuett teikna seg tydeleg på uvêrets dramatiske lerret.

«*Hovudet,*» sa eg. «Garborg såg på *hovudet.*»

Hundre meter frå Knudaheio sto ein kampestein. Steinen var omgjort til kunstverk av kunstnaren Hugo Wathne. I 2001 hadde han hogd ut diktarens andletstrekk og gjeve steinen namnet «All denne fagre utsyn».

Følg Blikket mitt, Venen.



Me hoppa ut gjennom vindaugget, og unngjekk politiane Strand og Salte – dei var i full gang med å reparera literaturturistane i fyrste etasje. Med landa fint på den blaute mosen, reiste oss uskadd og sprang vidare, forbi traktoren me hadde stole og bort til steinhovudet «All denne fagre utsyn». Skulpturen var to og ein halv meter høg – grovt uthogd – men med vakre linjer og ein slags kunstnarisk autoritet.

«Kva no?» spurde eg. Det drypte frå det lange håret mitt. Eg måtte halda underarmen flatt i panna som ein skjerm – for i det heile teke å sjå noko i strieregnet.

Men som vanleg: Fossmark var heilt turr. Og han vart yr.

«Sjå på meg, Gonzo».



«Og no.»



«No då.»

Etterpå pikka han Garborg på auget.

«Gjev oss eit hint, Arne!» brølte han. «Kva løyndom skjuler du?!»



Me hørde eit tungt tordenskrall, etterfulgt av ei brå stille. Me lente oss tett inntil hovudet og såg utover Flatjæren. *All denne fagre utsyn.* Me såg alle lysa frå byen og me kunne sjå tettstaden Nærbø. Me visste at sjølvaste Garborgheimen, diktarens fødestad, låg ein midt imellom dei. Det merkelege var at hovudet kommenterte det me såg, eg synst tydeleg at eg hørde stemmar. Ja, la eg øyret heilt inntil steinen kunne eg skilja orda frå kvarandre. «Køyregreie,» hørde eg, «gardbrukar,» «hugs at talord er noko anna enn artiklar,» «alltid to l'ar i alltid, aldri to l'ar i aldri.»

«Høyrer du det same som eg?» spurde Fossmark.

«Ja,» sa eg og peika på steinhovudet, «og eg trur eg veit kva det er òg, John.»

«Kva meiner du?»

«Me har funne sjølvaste *hovudkontoret!*»

Inntil vidare,

Gonzo Johnsen

Formidlar

Nasjonalt Garborgsenter



Me gjekk rundt skulpturen av diktarens hovud. Stemmane som kom innanfrå vart høgare, og me fann ei tung, grøn metalldør i bakhovudet. Me banka på, venta litt, og banka på igjen.

To små damer stakk hovuda sine ut.

«Kven er *dei*, Målfrid?» sa ho eine.

«Veit ikkje, Målfrid,» sa ho andre. «Men dei ser skrekkeleg rare ut.»

Eg gjenkjente dei lett. Eg visste det allereie innan dei opna døra: dette var Målfrid Snørteland og Målfrid Grimstvedt, direktørar i Jærmuseet, driftarar av Garborgsenteret. Dei utgjorde det frykta og allvitande hovudkontoret. Det var frå Snørteland og Grimstvedt me fekk instruksjonar og ordrar. «Snakk nynorsk!» kunne Snørteland finna på å seia på telefonen. Like etter ringte Grimstvedt og sa det motsette. «Ikkje snakk bokmåll!» sa ho.



Me tykte dei kunne samarbeida betre.

«Så våte dei er,» sa Grimstvedt. «Skal me be dei inn, Målfrid?»

«Det gjer me,» sa Snørteland. «Eller kva seier *du*, Målfrid?»

«Kanskje dei vil ha kaffi?» sa Grimstvedt. «Kva trur *du*, Målfrid?»

«Det kjem vel an på om dei likar det, det. Kva trur du om det, Målfrid?»

«Me kan jo spørja,» sa Grimstvedt. «Skal me gjera det?»

«Ja, Målfrid.»

«Heisann, de to der ute i regnet som ser skikkeleg rare ut, vil de koma inn til meg og Målfrid og få ein god kopp varm kaffi utan fløte?»

«Gjerne,» sa Fossmark, «men då vil eg kje ha sukker heller. Dette nemnde eg i masteravhandlinga mi, nemleg. Både-og, seier eg. Ikkje enten-eller, slik som Kierkegaard snakka om.»

Målfrid og Målfrid kniste.

«Han sa kirkegård, hihhi.»

«Sjølv om det er bokmål, hehe.»

«Det heiter kyrkjegard,» forklarte dei.

Fossmark reiv til seg to koppar med kaffi, medan eg måtte nøya meg med éin. Det var så trangt der inne i steinhovudet at me måtte stå oppetter veggen og drikka. Snørteland og Grimstvedt sat på kvar sin pinnestol med laptop og mobiltelefon.

Då begynte det å siva inn i meg kor fantastisk denne situasjonen var. Eg var *her*, i lag med *dei*! Hovudkontoret var så hemmeleg at det nærast var å rekna som fantasi. Mange hadde freista å finna det. Erling Kagge,

Monica Kristensen, Jærbladet, hakkarar, brødrene Dal, sonen til Thor Heyerdahl, privatetterforskar Ola Thune – alle hadde leita, og så låg det *her*, i *hovudet*.

«Berre sidan 2001,» sa Snørteland.

«Det var då skulpturen vart laga,» sa Grimstvedt.

«Før dét då?» spurde eg. «Kor var hovudkontoret då, då?»

Dei såg på kvarandre.

«Skal me seia det, Målfrid?» spurde Snørteland.

«Nei,» sa Grimstvedt.



Jærmuseet hadde det overordna ansvaret for Garborgsenteret – så vel som Vitengarden på Nærbø, Vitenfabrikken i Sandnes og ein del mindre museum, mest gamle gardsbruk. Snørteland og Grimstvedt var dei legendariske leiarane, dei som hadde starta det heile, som hadde heva prosjektet til uana høgder og blitt ein betydeleg maktfaktor i sørvestlandsk kulturpolitikk. Damene hadde ikkje vore å sjå på mange år, men stadig vekk fekk media snusen i ting som tyda på at dei eksisterte. Til dømes hadde Jærbladet avlytta telefonane til tilsette i Jærmuseet, ja Garborgsenteret sine òg, for så å kunna trykka fyrstesideoppslag som «Livsteikn frå hovudkontoret» eller «Nye instruksjonar frå hovudkontoret til Garborgsenteret sin utstillingsleiar».

«Kva *gjer* de, eigentleg?» spurde eg.

«Me gjev for det meste me ordrar,» sa Snørteland.

«Men det hender me kjem med nokre pålegg òg.»

«Eller instruksjonar,» sa Grimstvedt, «som me så pålegg dei tilsette å fylgja.»

«Me gjev ordrar om at dei er pålagt å fylgja ein instruksjon,» sa Snørteland.

«Mest om nynorsk,» sa Grimstvedt, «me likar å kalla oss *det nynorske hovudkontoret*».

«Men kven er de då?» spurde Snørteland.

Me presenterte oss. Det viste seg at dei hadde høyrte om Fossmark, norsklektor, rockestjerne, ein Garborgs galning og ivrig forfattar av lesarbrev til Jærbladet – men dei kjende ikkje meg, sjølv om eg var ein av deira eigne tilsette. Eg hadde motteke personlege instruksjonar fleire gonger. Til dømes var eg blitt pålagt å ta telefonen viss han ringte.

«Det seier me til alle,» lo Grimstvedt.

«Gjekk du på *den*, du!» skratta Snørteland.

Eg måtte helsa på Garborg-statuen på torget.

«Gjekk på den òg?» hylte Grimstvedt.

«Du må vera den fyrste!» brølte Snørteland.

Eg hadde òg fått beskjed om å avgrensa banninga mi. For viss det var slik at eg absolutt måtte banna, til dømes viss eg banka opp utstillingsleiarane og slo meg på knokane så det gjorde skikkeleg vondt – så måtte eg iallfall hugsa å banna på klinkande klårt nynorsk.

Grimstvedt klikka seg inn på garborg.no.

«Sjå her,» sa ho. «Episode 16. Du skriv *helvete*, og det er jo heilt feil. I fylgje den vestlandske moderniseringa av midlandsnormalen, som alle avdelingane under Jærmuseet skal fylgja til både punkt og prikke, er *helvete* berre klammeform. Hovudform er *hellvik*, og det er den me skal me nytta.»

Ho viste meg på skjermen.

«Eg brukar ikkje å overkjøra dei tilsette på dette viset,» sa ho, «men sidan du berre er vikar, så drit eg i det.»

Ho logga inn på administrasjonssida og endra helvete til hellvik.

«Men,» protesterte eg, «viss ein er på Sirevåg då, og slår seg, og ropar ut så alle kan høyra det: *dra til hellvik! dra til hellvik!* Kva då, Målfrid? Kva då?»

«Det er kje å nekta for at den vestlandske moderniseringa av midlandsnormalen har ført til ein god del vald på grensa mellom kommunane Hå og Eigersund. Men me er Jærmuseet og kan ikkje ta omsyn til folk i Dalane.»

Plutseleg drog ho i ei spake, og golvet forsvann under oss alle. Det viste seg at me var i ein slags heis. Under steinhovudet låg ein enorm hall, der det krydde av aktivitet. Eg såg eit samleband for produksjon av museumsgjenstandar. Nye traktorar vart dengt så dei såg gamle ut, nytt strikketøy vart dynka i kaffi, kappgjengarar skunda rundt og rundt ein bane for å slita hol i gode skor. Eg såg menneske eg så vidt hadde møtt. I det eine hjørnet sat nokre av avdelingsleiarane og gestikulerte ivrig. Plutseleg gjekk døra opp, og inn kom ei dame i strikkegenser med påfuglmønster. Det var Inger Undheim, sjefen min på Garborgsenteret. Ho let som ho ikkje såg meg, og snakka livleg med dei andre sjefane.

Snørteland drog i spaken og heisen tok oss opp til Garborg-hovudet att.

«Kvifor sit de to her oppe i dette litle rommet?» spurde eg. «Når det er så god plass der nede, meiner eg?»

«Me er *hovudpersonar*, veit du» sa Snørteland.

«Direktørar», sa Grimstvedt. «Trur du dei vil gå no, Målfrid?»

«Ja, Målfrid.»

«Ut med dykk, raringar! No, finn fram kaffi og fløte, Målfrid. Eg vil gjerne ha både-og.»



Me snubla ut i styrtregnet, og møtte veggen i to uniformerte brystkassar. Dei tilhørde politibetjentane Jan Terje Strand og Leif Rune Salte.

«Det var det eg sa, Leif Rune,» sa Strand. «Eg hadde jo sett dei her borte.»

«Hee, he he!» knegga Salte.



Inntil vidare,

Gonzo Johnsen

Formidlar

Nasjonalt Garborgsenteret



He, he he!”

Politibetjent Leif Rune Salte smilte sleipt. Kollegaen hans, Jan Terje Strand, fann fram handjerna. Dei gjorde seg klare til å ta oss.

«Kva gjer me no?» kviskra Fossmark.

«Sjå!» sa eg. «Haien!»

Dommar Heien kom syklande opp bakken. Det var lenge sidan eg hadde ringt han etter hjelp, han var ikkje rask. Me kalte han ikkje «haien» fordi han var kvikk, men fordi han var eit rovdyr etter brudd på spelereglane. Den einaste romanen han likte var Dostojevskijs «Forbrytelse og straff». Han brydde seg ikkje så mykje om forbrytelse, men vart særst glad i «straff». Dommar Heien hadde delt ut så mange gule og raude kort i løpet av sin dommarkarriere at mest heile Jæren var sinna på han. Begge politiane var gamle fotballspela-

rar; Salte på landslaget, Strand på det lokale laget – og begge hadde fått gult kort av Heien.

«Mitt var jævlig ufortent,» sa Salte.

«Mitt òg,» sa Strand.

«Eg skulle hatt raudt,» sa Salte.

«Eg òg,» sa Strand.

«Skal me ta han?»

Dei storma i veg etter dommaren, og eg og Fossmark var frie menneske att. No måtte me berre forstå kva Garborg hadde meint. Me hadde følgd spådomane hans frå den eine utgåva av diktsyklusen «I Helheim» til den andre. Og den siste profetien, *Om Du er vaksen eller ung / eller kanskje berre Barnet / Følg Blikket mitt, Ven / helsing Arne* hadde leidd oss til steinskulpturen «All denne fagre utsyn».

No lente me oss inntil hovudet og såg utover Lågjæren. Det hadde klarna opp litt, me såg ut over Jæren, den vegen steinskulpturen såg. Lyset på toppen av Høghuset var så vidt synleg.

«Sjå, John» sa eg. «Garborgsenteret veks inn i himmelen.»

*Følg Blikket mitt, Ven
helsing Arne.*

No var me blitt blaute, begge to. Fossmark, som på mystisk vis hadde kunna halda seg turr i allslags vêr, såg ut til å ha mista velsigninga frå oven. Me hadde dårleg tid. Om me berre visste kor me skulle gå herifrå. «Den siste spådomen var *Følg Blikket mitt, Ven,*» sa eg. «Kanskje han framleis er gyldig?»

«Spådomen? Men biletet heng på plassen sin no,» sa Fossmark, «i diktarstova. Me kan kje fylgja blikket hans herifrå.»

«Sant nok,» sa eg, og slo albogen irritert på steinhovudet.

Følg Blikket mitt.

«John,» sa eg. «Evreka!»

Steinhovudet av Arne Garborg stirte på Time rådhus.



Ein augneblink seinare sat Fossmark bak rattet på den stolne traktoren. Me fór nedover Knudahei-bakken, gjennom Undheim og vidare ut på Lågjæren. Rådhuset låg i byen, nordaust for Høghuset og Garborgsenteret. På rådhusplassen sto statuen av Veslemøy, «haugtussa», alle gutars drøymejente.

*Ho er mager og mørk og mjå
med brune og reine drag
og augo djupe og grå'
og stilslegt, drøymande lag.*

Det var gjennom Haugtussa diktaren hadde gjeve ålmenta prov på sine sjåarevner.

*Under panna fager men låg
lyser augo som att-um eim;*

*det er som dei stirande såg
langt inn i ein annan heim.*

Det var altså Veslemøy som skulle syna oss den nye Garborg.

Då vrengte Fossmark rattet mot venstre. Traktoren svingte og kjørte oppover bakken til Garborgheimen.

«Kva gjer du?» hylte eg. «John! Me har dårleg tid. Me må til byen!»

Han trakk revolveren og sikta på brystet mitt.

«Ikkje du, Gonzo. Ut med deg, ditt rævholt!»

Inntil vidare,

Gonzo Johnsen

Rævholt

Nasjonalt Garborgsenter



Eg låg utsliten i søla, forsøkte å få pusten tilbake.

Giganten Fossmark lyfta meg etter kragen og slepte meg over grusen og steinhellene, og over terskelen til Garborgheimen. Det gamle, kvite jærhuset var svakt opplyst. Det budde framleis folk på Garborg, men diktarens barndomsheim var blitt museum. No sto det tomt, det venta på meg. Eg vart dregen hundreogfemti år tilbake i tid, til golvplankar med strøsand, rotter og mus, sørvestlandsk mørk pietisme.

Det vart sagt at i mørke krokar kunne ein høyra diktarens far, Eivind Garborg – som hadde teke livet sitt på garden – snakka med seg sjølv om fortapinga.

Fossmark stogga for å pillar seg i nasen. Eg klarte å stabba meg opp på føtene, men han drog til meg over kragebeinet så eg måtte ta eit steg bakåt, og der fanst ikkje fotfeste, eg gjekk på ryggen, slo kollbøtte ned steintrappa og landa på eit jordgolv.

Eg var i kjellaren.

«John,» sa eg. «John! Gje deg!»

«Skal eg gje meg, Gonzo?»

Han brekte begge armene mine bak ryggen og heldt dei i fast grep. Slik fekk han meg på føtene og skutta meg framover. Det var mørkt, men ikkje verre enn at brønn teikna seg svart som Ginnungagap.

«Du er galen, John!» ropte eg. «Ikkje høyr på Reimen, det var berre noko han sa!»

Fossmark hadde ikkje vore seg sjølv sidan Time kommune sin litteraturkonsulent og diktarstoveguide, Sigbjørn Reime, hadde fortalt han at han skreiv så gode lesarbrev at ein skulle tru han var den nye Garborg. No var han overbevist om at dette var sant. Brått var det ikkje så farleg med Arne Garborg sin standing som diktar lenger, eller den oppveksande slekta, eller læreplanen i den vidaregåande skulen.

I fylgje Fossmark var berre Fossmark viktig for Fossmark.

Ikkje eingong jobben min på Garborgsenteret brydde han seg om.

«Skal eg kje tru på Reimen?» lo han høgt bak ryggen min. «For Reimen har vel kje greia på litteratur? Sigbjørn Reime, kommunen sin eigen litteraturkonsulent og diktarstoveguide på Knudaheio, moderniserar av Garborg sitt språk gjennom fleire nyttgivingar, ekspert på midlandsnormalen – nei, Reimen har nok kje greia på litteratur.»

Han klemte til.

«Veit du kva eg trur, Gonzo?»

Han klemte endå hardare.

«Eg trur at Reimen kjenner igjen den nye Garborg når han ser han.»

Plutseleg slapp han taket. Eg kunne snu meg mot han.

«Og den Reimen såg, Gonzo» sa han kloss opp i andletet mitt, «*var meg!*»

«John... John...»

«Våre vegar skiljast her, Gonzo. Det har vore ein fornøyelse å verta ordentleg kjend med deg. Me har hatt mykje moro den siste tida. Særleg drapet på Jan Zahl og nedsablinga av drivhuset på Line er noko eg vil minnast med glede. Men no er situasjonen komen så langt at me har motstridande interesser, du og eg.»

Han la til:

«Særleg du».

Og dytta meg mot det opne holet.



Eg veit ikkje kor lenge eg låg der, men ei skarp lysstripe trengte inn gjennom kjellarvindauget og antyda at det var blir morgon. Ein gong hadde eg vore glad i denne brønnen. Kvar gong me hadde vitja Garborgheimen med barneskulen (seks gonger), ungdomsskulen (tri gonger) og vidaregåande (to gonger, den tredje skulka eg for å lesa Tor Obrestad sin biografi om Hulda), hadde eg vorte sittande i kjellaren og sett ned i det svarte holet. Eg hadde drøymt meg tilbake Garborg si tid, til barndomen hans, lurt på korleis det måtte var å veksa opp med ein far ifrå hellvik. Eivind Garborg hadde sjølv grove ut brønnen, i ein av sine maniske periodar.

Slik fekk dei innlagt vatn allereie på 1800-talet. Ingen kunne seia at galskap var gale ein iskald vintermorgon.

Det var kanskje strengt, men litt luksus òg, å vaksa opp i Garborgheimen. Problemet no var at eg sat oppi brønnen. Her nede var det sorpete, kaldt og temmeleg mørkt. Og eg hadde ting å lura på, som: *Kor mykje var klokka? Kva for ein dag var det? Kva smakte best av salami og servelat? Og korleis skulle eg koma meg opp av dette holet?*

Eg stilte meg på tærne og strekte meg, men nådde ikkje opp til kjellargolv. Eg hoppa, men kjende ikkje anna enn bratte jordveggar kor eg snudde meg. Då kjende eg at panikken tok meg, at mørkret kom over meg, at den knugande, angstfylte neven greip om hjartet mitt.

Eg dør, tenkte eg, no dør eg!

«Hjelp meg! Hjelp meg, for faen! Er det ikkje nokon som kan hjelpe meg?!»

Eg ropte så høgt eg kunne.

«Eg kan,» svarte ein velkjend skikkelse. Han krabba ut av mørkret og synt seg. «Det var på tide du spurde, kjære Gonzo.»

Inntil vidare,

Gonzo Johnsen

Brønnhøyr

Nasjonalt Garborgsenter



Forfatteren Nils Henrik Smith slikka andletet mitt reint for blod. Han hoppa rundt på alle fire og slikte seg om munnen med ei svolten tunge.

«Så så, Gonzo,» sa han trøystande. «Det er kje så ille. Det er nesten som å vera på ferie.»

«På ferie!» utbrøyt eg. «Det er vått og mørkt og kaldt her, jo!»

«Har du kje vore i Bergen, du?» spurde han venleg. «Eg har til og med studert i Bergen, eg. Det er så koseleg der. Akkurat som her.»

Han strøyk meg over håret.

Me vart raskt vener, Nils Henrik og eg.

«Dette går bra,» sa han, «eg har vore her i eit døgn no og har vent meg til det. Ein kan eta rotter og mus; og borti hjørnet der,» han peika, «veks eit slags gras som liknar på salat.»

Han spytta.



«Det smakar kje godt, men det gjer kje salat heller. Det er nesten som å vera fri, dette her.»

Han hadde ingen grunn til å vera grei mot meg. Me hadde hatt planar om å drepa han, dersom det skulle visa seg at det var han som var den nye Garborg. Ved ein feil hadde me drept Jan Zahl i staden – mest fordi han hadde vore hjå frisøren og likna så grueleg på Arne Garborg. Han burde ha visst betre enn å klippa seg akkurat når me la skumle planar. Dei andre to kandidatane, Einar O. Risa og Nils Henrik, hadde så langt fått leva – men det var kanskje eit mistak, det òg?

«Me må koma oss opp,» sa eg. «Me må ta livet av Fossmark.»

Nils Henrik sat så stilt og lytta, han smilte venleg som eit lite ekorn, ja han verka så grei og ufarleg at eg tømte hjartet mitt for han. Eg fortalte alt. Om den nye Garborg, Høguset og Garborgsenteret; om biletet og dei fire utgåvene av «I Helheim»; skota i Storsalen; politiane; brørne Sørensen og dommar Heien; Sjefen og utstillingsleiaren; Målfrid og Målfrid på hovudkontoret; råkjøringa med traktoren og at Fossmark var vond og valdeleg, men eit musikalsk geni og ein lesarbrevfattar av Guds nåde.

Nils Henrik smilte igjen. No var det hans tur til å fortelja. Hans historie var òg dramatisk. Etter skota i Storsalen hadde han gått heim i mørkret; han hadde skunda seg òg, for han hadde alltid vore mørkredd og no hadde han sett ein død mann med gapande ansikt. Plutseleg hoppa Fossmark ut av ein hekk og stappa han i ein søppelsekk. Så var han blitt dumpa her, i brønnen i Garborgheimen.

«Men me skal ordna opp,» sa han. Han var så optimistisk og koseleg at det var nesten ikkje sant. «Der- som eg har forstått deg rett, Gonzo, så kan ikkje Fossmark vera den nye Garborg. Han har jo krøller som Jan Zahl. Gud hjelpe dei. Heller kje Risa kan vera den nye Garborg, han skriv jo berre på den same trilogien heile tida. Kanskje er han den nye Louis Masterson, men ikkje *den nye Garborg*.» Nils Henrik smilte. «Då er det berre éin kandidat att.»

Han peikte på seg sjølv med begge tomlane.

Eg bøygde meg mot han med hendene beredt til eit frykteleg kvelartak. Men han sa:

«Ikkje drep meg, kjære ven. Høyr, viss det verkeleg er slik som me no har dedusert på ein heilt feilfri og intellektuelt overlegen måte, så vil det nye senteret anten leggest ned for godt eller dediserast andre. Med all overhengande sannsynlegheit til meg, Nils Henrik Smith, den nye Garborg – forfattar av tynne, men gode bøker. Så då vert det opp til meg å avgjera kva eg eigentleg vil med Smithsenteret? Kva skal det heita, til dømes? Kven skal få jobba der? Kva skal dei driva med?»

Slik hadde eg aldri sett på det før.

«Du har vore forleda av Fossmark,» sa Nils Henrik. «Han er ikkje til å lita på. Eg las eingong i Jærbladet at han prøvde å pløya opp kunstgrasbanen på Kåsen, det var kje snilt. Eg skåra faktisk mål der eingong. Rett nok eit sjølvsmål, men dommar Heien såg feil og trudde det var bokmål. Sidan den gongen har eg føretrakt nynorsk.»

Han klødde seg i nakken.

«Viss eg er den nye Garborg, Gonzo, så skal du få behalda jobben. Ja, ikkje berre det, du skal få bli formidlingssjef. Ser du det føre deg? Eit stort visittkort med teksten *Gonzo Johnsen, Smithsenteret, formidlingssjef.*»

Eg likte Nils Henrik veldig godt.

«Ved sida av namnet ditt kan det vera eit bilete av meg. Det er jo mitt senter. Forresten, eg trur kje *Smithsenteret* er noko godt namn. Kva med *Heilt Nils*? Nei nei. *Smiths vener*, då? Nei, dét er brukt før. Å ja! No har eg det! Høyr på dette, Gonzo: *Smiths bestevener*, kva tykkjer du om det?

Han smilte lukkeleg.

«Kafé Garborgstova kan jo ta namnet *Kvar smith og smule*, eller kva?»

Han fanga ei rotte med lynraske rørsler, beit hovudet rett av og sugte i seg blodet. Han snakka med mat i munnen.

«Men ingen sjukdomar skal kallast smithsame. Det er ikkje morosamt, berre så du veit det.»

Han smatta.

«Dette skal bli bra, Gonzo. Å, dét var ei god rotte; fyrsteklasses. Mykje betre enn den eg hadde til frukost; det var ei kloakkrotte, trur eg. Så. Kva seier du? Vil du verta formidlingssjef hjå Smiths bestevener?»

«Å ja. Tusen takk, Nils Henrik.»

«Ikkje noko å takka for. Det er eg som skal takka, Gonzo. Takka vera deg skal eg bli den nye Garborg og få mitt eige senter.»

«Inga årsak,» sa eg.

«Eitt problem gjenstår,» sa han. «Koss kjem me oss opp?»


Eg rista oppgitt på hovudet. Dette kunne ta tid. Men men, eg fekk gjera jobben min som best eg kunne imens. Eg fann fram smartmobilen og logga meg inn på administrasjonssidene til garborg.no. Då eg nesten var ferdig med episode 27, Smiths ven, spurde Nils Henrik om det var ein mobiltelefon eg skreiv på.

Eg nikka.

«Kva kan du bruka han til?»

«Jau,» sa eg, «for det meste brukar eg han til å skriva på artikkelen min, *Garborgs galningar*, og legga ut nye episodar på nettet, etter kvart som det hender noko. No, til dømes, tek eg eit bilete av deg og legg det ut så folk kan sjå det på garborg.no. Nei, det vart dårleg, heilt svart.

«Det er fordi det er så mørkt her,» sa Nils Henrik.



«Eg veit det.»

«Men du?»

«Ja.»

«Kan du *ringa* med telefonen òg?»

«Sjølvsagt.»

«Så ring til naboane då, din dust, og sei at dei skal koma med ei gardintrapp!»

«Nils Henrik!» sa eg, «du er *genial*.»

«Jammen Gonzo då,» sa han forlegent, «eg er den nye Garborg, jo.»

Inntil vidare,

Gonzo Johnsen

Formidlar

Nasjonalt Garborgsenter



Eg og Nils Henrik Smith, hovudkandidat til å bli den nye Garborg, fekk hjelp av ein bonde frå Garborg. Han hjelppte oss opp av brønnen i Garborgheimen, der me var blitt dumpa av John Fossmark, ein lesarbrevforfatter med krøllede hår. Bonden heitte Garborg og var skikkeleg grei.

«Hei, gutar,» sa Garborg då han såg oss. «Eg heiter Garborg og er skikkeleg grei.»

Utover det var han eit jævla rasshol. Greitt nok at han hjalp oss opp av brønnen, men då me spurde om han kunne kjøra oss til byen, viste han oss koss me kunne haika.

«De gjer berre slik,» sa han – og veiva tommelen i vêret.

Det hjalp ikkje eingong å seia at eg jobba på Garborgsenteret og hadde ein pins som kunne prova det. Bonden svarte at Eivind Garborg, far hans Arne, had-

de snytt tippoldefar hans for vatn i mølla ein gong på 1800-talet. Då eg kjapt og slagkraftig repliserte at mykje vatn hadde rent i havet sidan den gong, svarte han at viss me skulle vera spydige, ville han ikkje læra oss å haika heller. Me forlot staden utan å kunna haika.

Tenk at forfattar Nils Henrik Smith, sannsynlegvis den nye Garborg, og formidlingssjefen hans, sannsynlegvis på senteret Smiths bestevener, måtte ta føtene fatt! Det kjendest ikkje godt. Me var skitne, svoltne (ikkje Nils Henrik, han sugte på eit skrubbsår) og småskadde.

Det var særst viktig at me kom oss til byen. Det hadde seg slik at eg og ein viss person, mordar og heilt galen, hadde vore på jakt etter den nye Garborg i lengre tid, iallfall sidan tysdag. Me hadde tolka eit mystisk bilete, og gått gjennom fire av dei to kjende helheimsutgåvene.

*Om Du er vaksen eller ung
eller kanskje berre Barnet
Følg Blikket mitt, Ven
helsing Arne.*

Den siste spådomen hadde sendt oss frå diktarstova Knudaheio til skulpturen «All denne fagre vidsyn», ein kampestein med Garborg sitt vakre hovud uthogd. Skulpturen var sett opp slik at han såg mot Time rådhus, og me visste at utanfor rådhuset sto Veslemøy. Me hadde vore på veg dit for å nøsta opp gamle spådomar, då Fossmark brått hadde ombestemt seg. Han fekk det for seg at det var han som var den nye Garborg, og ville ikkje at eg skulle hindra han.

«Og så han som har krøller,» lo Nils Henrik. «Han kan kje vera den nye Garborg då.»

Me var blitt bestevener i brønnen på Garborgheimen, Nils Henrik og eg. For no var han storfavoritt til å bli den nye Garborg. Og ikkje berre det, me hadde flaks òg. Ein lastebil kom kjørande, og sjåføren vart så provosert over fotgjengarar på bilvegen at han jaga oss heilt til Kvåle. På det viset kom me fortare fram.

Dei siste kilometrane orka me å gå sjølve.



På rådhusplassen fann me statuen av Veslemøy.

*Under panna fager men låg
lyser augo som att-um eim;
det er som dei stirande såg
langt inn i ein annan heim.*

For ei dame. Gamal kjærleik fløynde gjennom meg. Medan me sto der og vurderte blikket hennar – kva var det ho såg på? *kor ville ho føra oss?* – kom fintfolk gåande. Reinert Kverneland var ein typisk ordførar. Han hadde stor mage, som ordførarar flest; men han hadde ikkje flosshatt, for det har dei slutta med. Han hadde heller ikkje snurrebart, men det var det jo berre Kielland som hadde – så det siste var ikkje så rart.

Det som skilde han frå andre ordførarar med store magar, var kleda. Ordførar Kverneland frå Høgre var stivpynta. Han hadde blådressen på, mørkt slips hadde

han òg, kring halsen dingla ordførarkjedet. Kverneland skulle på festivitás.

Eg kjende han litt ifrå før, han hadde vore på Garborgsenteret eit par gonger for å sjå om me var i rute til opninga, så det fall naturleg å helsa på han. «Hei, Reinert!» sa eg.

Han vart ståande ved Veslemøy-statuen og snakka med oss.



«Kva ser de på?» spurde han.

«Me prøver å finna ut kor Veslemøy ser,» sa eg. «Me skal finna den nye Garborg.»

«Då ser det ut som me skal same vegen.»

Han foreslo at me kunne slå fylgje. Så gjekk med der då. Det var tri av oss: eg, formidlaren på Garborgsenteret; Nils Henrik Smith, ungt diktargeni og sannsynlegvis den nye Garborg; samt Reinert Kverneland, galakledd ordførar.

Medan me kryssa Arne Garborgs veg og gjekk inn i Hulda Garborgs veg, la eg merke til at ordføraren flirte for seg sjølv.

Han klukka høgt og hjarteleg.

«Er det noko?» spurde eg. «Kvifor ler du, Reinert?»

Han kniste.

«Eg har ledd av dette i fleire månader, Gonzo,» sa han. «Kvar dag og heile tida. Det er skrekkeleg morosamt, men du må lova å ikkje seia det til nokon.»

Eg lova, og det gjorde Nils Henrik òg.

«Jau då, gutar,» sa ordføraren, «det har seg slik at eg er ein skikkeleg Sartre-supportar. Av alle utanlandske forfattarar tykkjer eg Jean-Paul Sartre er den beste. Dette kjem ikkje berre av dei grunnleggande moralske målestokkane han presenterer i Væren og intet – tankar i forlenging av Garborg, vår største eksistensialist – nei, Sartre behandlar dei filosofiske dilemmaa best i skjønnlitteraturen.»

Han såg på oss.

«Den framste teksten Sartre skreiv var ei novelle. Muren. Ja de kjenner sjølvsagt til han; de er kje frå Klepp eller Hå, de. I Muren har det seg slik at helten Ibbieta, ein spansk motstandsmann, vert arrestert av fascistane og dømt til døden. Etter å ha venta på pelotongen heile natta, får han ein sjanse til å redda livet. Alt han treng å gjera, er å oppgjeva opphaldsstaden til ein ven i motstandsrørsla. Men Ibbieta vil kje ofra venen sin og oppgjev ein vilkårleg stad. Men så, he he



he, viser det seg at venen faktisk hadde forflytta seg dit, og vart arrestert!»

Ordførar Kverneland gapskratta.

«Ibbieta, derimot, fekk leva. Og de hugsar vel kva han gjorde då?»

«Han lo!»

«Ja,» brølte ordføraren. «Ho ho ho! Ibbieta lo så han fekk tårer i augene – fordi han hadde ofra seg sjølv, men kunne likevel. Han fekk i pose og sekk, altså. Langt liv og godt samvit.»

«Er det dette du går rundt og ler av?» spurde Nils Henrik andpusten. Han hadde spurta bort til Sparbutikken og naska med seg nokre blodappelsinar.

«Nja, ikkje riktig,» svarte ordføraren. «Eg ler fordi noko liknande har hendt med meg. Saka er nemleg den at eg ikkje har stemt på meg sjølv.»

Han tok tak i kjedet og lyfta det litt, slik at me skulle sjå det betre.

«Og likevel,» fortsette han, «er det eg som er ordførar, he he. Det har seg nemleg slik at far min alltid sa at eg skulle røysta på den beste kandidaten; noko anna ville vera misbruk av røysteretten. Så eg røysta på Miljøpartiet dei grøne, dei hadde ein framifrå ordførarkandidat, mykje betre enn meg. Dermed kunne eg forlata vallokalet med godt samvit. Eg hadde gjort den rette handlinga, røysta på nokon andre på bekostning av meg sjølv. Så viste det seg at eg vart ordførar med god margin, og han i Dei grøne kom kje inn i kommunestyret eingong.»

Han klukka.

«Og dét,» hiksta han, «har eg ledd av sidan. Men no

er me framme, Gonzo. Det var hit de skulle òg, reknar eg med?»

Me runda hjørnet frå Hetlandsgata, og Atriumsplassen ved Høghuset opna seg for oss. Framfor Garborgsenteret var det fullt av folk: korpsmusikk, leande unggar, lirekassar og apekattar, klovnar med raude nasar, folkedans og bunadshow, sukkerspinn og kinaputtar, pølser i brød, pølser i lompe, pølser med alt og alt med pølse. Ballongar gjekk i véret, folk hang ut vindauga og fylte lufta med herleg, kvit konfetti.

Nokon stakk til oss kvar vår Garborg-bart, og det gjekk opp for meg at alle mennene nytta slike, medan damene hadde fått utdelt Hulda-parykkar. Oppe på eit podium sto sjefen min, Inger Undheim, i ein gallakjole med påfuglemblem. Ved hennar side var kulturminister Huitfeldt og kongeparet – oppstasa i snippkjole, ballkjole, tiara og blåe ordensband.

Det nærma seg Garborgsenterets opningsseremoni.

Inntil vidare,

Gonzo Johnsen

Formidlar

Nasjonalt Garborgsenter



Ordførar Kverneland tok farvel med oss og skreid verdig gjennom folkemassen til podiet. Eg og Nils Henrik Smith vart ståande bakerst og glana.

Hundrevis av menneske hadde samla seg i atriet utanfor Garborgsenteret og Høghuset. Nysgjerrigperar hang ut av vindauga som klesvasken i Napoli. Over oss hang skyene tunge som bombefly, men for augneblinken heldt dei skytsen tilbake. Oppe på podiet sto sjefen på Garborgsenteret, Inger Undheim, i lag med direktørane i Jærmuseet, Målfrid Grimstvedt og Målfrid Snørteland, ordføraren i Time kommune, og Høgres Reinert Kverneland, som hadde stemt på Dei grøne; kulturminister Huitfeldt, kong Harald og dronning Sonja. I trappa sto utstillingsleiaren, og nedanfor henne dei staute og stolte politbetjentane Jan Terje Strand og Leif Rune Salte. Dei stilte seg i rett då ordføraren kom.

I hjørnet utanfor helsestudioet sto byens opprørarar, litteraturhooligansane Frank og Morten Sørensen. Dei gjekk i vestar med *Torvald Tu* på ryggen. Dei hadde lagt ei fisepute på ein benk og forsøkte å få ein eldre mann til å setta seg. Eg lo høgt då eg såg det var pater Pollestad. Håbuen Pollestad hadde oversett Snorre til riksmål utan tanke på kva Gadamer ville ha sagt om det. Brørne Sørensen forsøkte å trykka han ned på benken, men han rappa til dei med stokken sin og svor eder og galle på bokmål.

I det heile teke var det flust av forfattarar til stades. Håbuar, kleppsbuar og timebuar. Smith sin konkurrent i å bli utropt til den nye Garborg, Einar O. Risa, hadde teke ein pause frå skrivinga av åttebindstrilogien «M.Kanne & Sønsson»; Tor Obrestad åt pølser med alt, særleg ketsjup; Svein F. Hestvaag undersøkte Garborgbarten han hadde fått utdelt; Ingrid Z. Aanestad kom løpande frå togstasjonen; Heidi Strand Harboe heldt mannen sin, Leif, i handa; Helge Torvund tasta noko på telefonen, sikkert ei twitter-melding; og Nils Henrik Smith sto der i lag med meg.

Me venta på stadfestinga av at det var *han*, Nils Henrik – ingen ringare, som var den nye Garborg. Han skulle omdøypa senteret til *Smiths bestevenner* og gje meg fast stilling som formidlingssjef.

Dette gledde eg meg til. Eg håpte eg skulle få betre løn og fleksitid.

Kjende eg Nils Henrik rett, ville eg få lov til å bruka spanskrøyr på ringevikarane òg.

Eg kunne ikkje nekta for at eg var lukkeleg. Etter ein del motgang, såg det endeleg ut til å gå min veg.



I utgangspunktet hadde det vore tri kandidatar til titelen som ny Garborg: Nils Henrik, Einar O. Risa og Jan Zahl. No var Zahl død, mest på grunn av lesarbrevforfattaren John Fossmark sine kyniske ambisjonar. Fossmark hadde overfalle Nils Henrik òg, som heldigvis hadde kome seg unna. Den siste kandidaten, Einar O. Risa, var det ingen grunn til å ta alvorleg - sidan han berre skreiv på verdas lengste trilogi, noko gamle Garborg aldri ville ha funne på. Så skjøna då Risa heller ingenting av det som var i ferd med å skje. Han rusla omkring med hovudet plassert på toppen av sitt lange legeme og slikka i seg sukkerspinn.

Då gjekk døra opp frå Arne & Hulda frisør.

Ut kom det monumentale legemet til John Fossmark. Han hadde skrelt seg på hovudet. Han hadde Garborg-barten på. Han hadde skumle planar - hadde eg ikkje visst betre, ville eg ha trudd han var den nye Garborg. Han tok ei avis fram frå baklomma, opna han og leste. Eg kunne sjå at det var Jærbladet, ekstraavgåve. Fyrst trudde eg dei hadde gjeve ut eit ekstra bilag i samband med opninga av Garborgsenteret. Så fekk eg auge på overskrifta: *EXTRA! Risa avbryter Kanne-trilogien etter berre fire bind! I haust kjem ein sjølvstendig roman kalla «Maskineriet. Listene».*

Nils Henrik såg det same. Han snappa han i seg ei flue som flaug forbi. Han var i sjokk. Han gispa:

«Kven vert no den nye Garborg?»



Inger Undheim hosta i mikrofonen. Me tidde, alle. Ho Inger, ho smilte, ho var lukkeleg, ho hadde det riktig fint. Dette hadde ho venta på så lenge. Medan me andre sov, hadde ho arbeidd for dette i løyndom. Det kunne verka urettvist at ho hadde gått bak ryggen vår på den måten, mange tilsette kunne ha blitt rasande over slikt, men eg skjøna eg kvifor.

Ingen skulle seia at eg ikkje var raus.

Ho Inger var stolt. Det var vel fortent.

Ho takka publikum for oppmøtet, og me klappa for oss sjølve. Så gav ho ordet vidare til direktørane i Jærmuseet. Dei roste Inger for innsatsen og takka publikum for oppmøtet. Me klappa for oss sjølve. Så var det ordføraren sin tur. Han takka for oppmøtet, me klappa, og lovte at viss han vann det neste valet òg, så skulle han sleppa ut barten. Me klappa sånn måteleg. Han avslutta med ein liten appell til fordel for Dei grøne. Eg registrerte ikkje noko klapping for det. Dronning Sonja sa òg nokre ord, blant anna takka ho for oppmøtet, me klappa heftig, og så gav ho ordet til kong Harald. Kongen takka Sonja; ho klappa. Deretter minte han folket om at han hadde nemnt Garborg i ein nyttårstale, og sa at dette ville gjenta seg viss han ikkje snart fekk ein ny taleskrivar.

Me klappa. Kongen leverte alltid det me forventet av han.

Politiane Strand og Salte lyfta eit snøre, og utstillingsleiaren gjekk bort til kongen med ei saks.

«Kjære godtfolk,» sa Undheim. «No skulle me ha opna Garborgsenteret. Men store ting har hendt i verda.» Spenninga var andelaus. «Me har fått ein ny diktar!»

Stor jubel, men ein og annan peip, sannsynlegvis av glede.

«På nettsidene våre den siste tida har me sett noko heilt nytt,» sa Inger. «Ein artikkel av uante dimensjonar. Me har sett korleis det er mogleg å kombinera sakprosa med spenning, berre det skjer noko spennande. Me har fått fylgja med på kaldblodige drap, biljakter, mystiske måleri og ukontrollert hekkan. Alt sydd i hop som ein Gonzo-artikkel med poetisk språk. Med dette,» sa ho og gjorde teikn til kongen, som straks vakna og klipte snora; «erklærer eg Gonzosenteret for opna!»

«Gonzo! Gonzo! Gonzo!»

Folk var heilt i ekstase.

«Kom opp, kjære formidlar!»

Eg brøytta meg ivrig veg mot podiet. Det var ikkje lett, alle skulle ta på meg. Då eg gjekk opp trappa vart jubelen elektrisk. Håret reiste seg. Ungane forsøkte å røra ved meg, dei unge kvinnene kasta undertøy til meg, gamle menn knelte og velsigna meg.

Dei to politibetjentane lyfta meg opp på gullstol. Den eine av dei kviskra «hugs, du er ikkje eit menneske.» Den andre fulgte opp: «Du er den nye Garborg no.» Hunden deira logra venleg.

«Mine damer og herrar,» sa Inger då eg inntok podiet og stilte meg opp ved sida av henne; «lat meg presentera: Gonzo Johnsen! Vår største forfattar!»

Eg gav henne ein skikkeleg klem, det hadde ho fortent. Ja, kulturministeren òg. Så hyggeleg! Og dronning Sonja, hei hei! Og kongen ja, eg klaska han kame-ratsleg i ryggen - og stilte meg ved mikrofonen.

«Takk,» sa eg, «tusen hjarteleg takk, alle saman.»

Eg rekte armene i vêret og såg utover folkehavet. Dei smilte. Dei jubla. Konfettien dalte ned frå Høg-uset, alle helsa og klappa for meg. Korpset spelte den nykomponerte Gonzo-marsjen. Herborg Kråkevik song «Gonzo, kjempers førstemann». Det glimta overalt. I musikkinstrument, i blitsar, i auga – i den velkjente revolveren John Fossmark no tok opp ifrå lomma si.


Det var det siste eg såg før det smalt.

Takk for alt,

Gonzo Johnsen

Den nye Garborg

Gonzosenteret



Brev til Jærbladet.

Kjære alle saman,

Den siste tids hendingar har gått inn på nokon einkvan. Ikkje minst meg. Etter drapet på Gonzo Johnsen har eg fått mange reaksjonar. Nesten alle negative, men nokre positive òg. Fotballdommar Einar Heien skreiv ein personleg SMS til meg, der han meinte at Johnsen fekk som fortent. Heien hadde kjent seg uthengt i lang tid, og dødsfallet var til stor letnad for han. Eg har òg fått nokre nye vener. Brørne Frank og Morten Sørensen sa dei hadde hatt ei høne å plukka med Johnsen, og ville takka meg for at han no er død. Dei sa òg at dei hadde funne ein ting dei trudde tilhørte meg. Eg skal få han når dei er ferdige med han. Skikkeleg greie karar altså. Foreldra mine har òg vore innom og sagt at dei framleis er glade i meg.

Men, eg må jo innrømme det, dei fleste reaksjonane har vore negative. Nokre har vore av det prinsipielle slaget, som at ein ikkje skal ta liv, osb. Eg tek ikkje dét så tungt. Verre er det med alle som meiner at Johnsen var ein verkeleg god forfattar, at eg har øydelagt ein som kunne ha skapt evige kunstverk, at eg tok livet av ei legende. Slike utsegner gjer meg trist. Og eg vil gjerne ta til motmæle.

1. Det som er blitt rekna som det litterære høgdepunktet i Garborgs galningar, nemleg episode 14, «Jan Zahl er død», der forteljaren på «ein genial måte vekslar mellom notid og fortid» (sjå Vindaugets ekstraavgåve 09/12), var aldri ført i pennen av Johnsen, men av meg. Johnsen var på nippet til å sovna, han hadde berre kladda nokre usamanhengande avsnitt då eg overtok og fullførte teksten.

2. Mange har rost Johnsen for glimrande dramaturgi. Dette er latterleg. De må hugsa at Garborgs galningar ikkje er dikt, men sakprosa. At Einar Heien bemerkelsesverdig ofte dukka opp på kritiske tidspunkt er noko Heien skal ha æra for, ikkje Johnsen. Johnsen har berre skildra det som faktisk hendte. Den dramatiske oppbygninga tok røyndomen hand om, i hovudsak eg. Det er vanskeleg å sjå for seg korleis Johnsen skulle ha opplevd det han gjorde, om det ikkje var for meg. Det var *eg* som tok kontakt med *han*, det var *eg* som eigde билетet, *eg* som skaut Jan Zahl, *eg* som stal den raske traktoren, osb. Johnsen gjorde lite anna enn å fylgja etter.

3. Det er mange feil i «Garborgs galningar». Språklege feil, sjølv sagt, men faktafeil òg. Nokre av dei alvorlege. T.d. skreiv Johnsen at det var eg som ville sjå plastikksteinane med lys i (sjå episode 18), dette er feil. Det var Johnsen sin idé. Fleire gongar har han feilsitert meg òg. I episode 16 gjev han meg replikken «Kva gjer du?» Det rette skal vera «Kva er det du gjer?» Slike ting er knapt nok verdig ein Knausgård. Og Knausgård har, så vidt eg veit, enno ikkje fått noko eige senter.

4. Avdelingsleiaren ved Gonzosenteret, Inger Undheim, sa i grunngjevinga for avgjerda at Johnsen hadde nytta massemedia på ein utstrakt og nyskapande måte. Vel, frøken Undheim, dét har eg òg gjort, men har eg fått noko eige senter for det? (Viss nokon treng prov for påstandane mine, kan dei leggja meg til som ven på Facebook, der eg har lagra alle lesarbreva mine som notat.)

Til slutt vil eg berre seia at eg støttar ordførar Kverneland sine ord om at det offentlege ikkje kan ta seg råd til å halda Gonzosenteret i live stort lenger. Dette tykkjer eg er ei riktig vurdering. Til dømes er det mykje som trengst av utbetringar her eg sit.

John Fossmark

Åna fengsel

PS! I oktober kjem Trette Menn med ny CD. Av naturlege årsaker er det ikkje eg som syng, men det har eg heller aldri gjort (eg spelar triangel). Dei gjenverande medlemne har valt å gå over til Gonzo-tekstar. Dette respekterer eg. Dei skal laga låtar av fylgjande episodar og anekdotar: «Krøller og kulehol», «Med ræva i gir», «Hjå han John», «Ut og et», «Torvald Tu», «Jan Zahl er død», «Klasserom 22», «Sel eller kval», «Blikket flakkar» og «Helsing Arne». Albumet skal heita Rocktum. Eg vonar folk vil støtta opp om denne utgivinga, då overskotet går til regnskogen (eg berre tullar, det går sjølv sagt til Trette menn).

Alle bilete: Jærmuseet. Unntak: Garborgsenteret sitt interiør i episode 11, teke av Asle Haukland.

I tillegg til alle dei som er avbilda, ønsker Jærmuseet å takka: Trette Menn, Torfinn Edland, Erling Dagsland, kattungen Naomi, Time bibliotek, Einar Heien, Eric Valentin, Plamena Valentin, Geir Zahl og ein hyggeleg bonde ifrå Garborg.